



# Årsmelding 2017

## Innhold

<b>1</b>	<b>Politisk leiing</b> .....	<b>4</b>
<b>2</b>	<b>Administrativ leiing</b> .....	<b>5</b>
<b>3</b>	<b>Organisasjonsplan</b> .....	<b>5</b>
<b>4</b>	<b>Overordna mål</b> .....	<b>6</b>
4.1	Verksemda Valle kommune .....	6
4.2	Økonomi og økonomistyring.....	6
<b>5</b>	<b>Oppsummering av året sett frå rådmannen si side</b> .....	<b>7</b>
<b>6</b>	<b>Analyse av kommunerekneskapen</b> .....	<b>9</b>
6.1	Balansen .....	10
6.2	Krav på kort sikt .....	11
6.3	Langsiktige utlån .....	11
6.4	Utstyr, maskinar, transportmiddel, faste eigedomar og anlegg .....	11
6.5	Gjeld på kort sikt .....	12
6.6	Gjeld på lang sikt.....	12
6.7	Oversikt over fonda.....	12
6.8	Oversikt over bruk av tiltaksfondet .....	14
6.9	Eigenkapital/kapitalkonto .....	14
<b>7</b>	<b>Diverse analysar</b> .....	<b>15</b>
7.1	Likviditeten .....	15
7.2	Kommunalt rekneskapsresultat .....	15
7.3	Gjeld på lang sikt.....	16
7.4	Inntekter frå kraftsektoren .....	17
7.5	Finansielle indikatorar .....	17
7.6	Dekningsgrad .....	18
7.7	Utgifter etter art .....	18
<b>8</b>	<b>Generelle kommentarar til rekneskapstala</b> .....	<b>19</b>
8.1	Økonomisk oversikt per eining (skjema 1B).....	20
8.2	Investeringsrekneskapen .....	21
<b>9</b>	<b>Tiltak for å sikre god kontroll og høg etisk standard</b> .....	<b>22</b>
<b>10</b>	<b>Finansforvaltning</b> .....	<b>22</b>
<b>11</b>	<b>Kommunen som organisasjon</b> .....	<b>23</b>
11.1	Organisasjon og personalressursar.....	23
11.2	HMS.....	23
11.3	Rekruttering og likestilling.....	24
<b>12</b>	<b>Folketalsutvikling</b> .....	<b>25</b>
12.1	Folketalsutvikling .....	25
<b>13</b>	<b>Årsmelding frå kvar avdeling (tal direkte frå agresso)</b> .....	<b>26</b>
13.1	Politisk.....	26
13.2	Rådmannen.....	26
13.3	Næring.....	27
13.4	Kultur og fritid og bibliotek.....	28
13.5	Personal.....	31

13.6	Økonomiavdelinga, fellestenester og Kyrkja/trussamfunn.....	32
13.7	Velkomstsenter .....	33
13.8	Oppvekst .....	34
13.9	Valle skule.....	36
13.10	Hylestad skule .....	37
13.11	Valle og Hylestad barnehager .....	40
13.12	Vaksenopplæring .....	41
13.13	Helsetenesta i Bykle og Valle .....	42
13.14	NAV Valle 5520 flyktning, 5510 sosial, 5511 ekstra tiltak, 5550 Valles del av NAV- kostnad	45
13.15	Pleie- og omsorg.....	47
13.16	Teknisk avdeling.....	48
	Teknisk forvaltning .....	48
	Teknisk drift .....	53
	Teknisk reinhald .....	54
13.17	Setesdal barnevern.....	56
13.18	PPT for Setesdal .....	56
13.19	Setesdal IKT .....	58
13.20	Frivilligsentralen.....	59

## 1 Politisk leiing

<b>Kommunestyret</b>
<b>Arbeiderpartiet</b> Steinar Kyrvestad, ordførar Hanne Tangeraaas Straume Kim Pedersen Hildeborg Homme Tora Homme Uppstad Knut Erling Haugland Kjell Ove Tveiten
<b>Høgre</b> Knut Hagen, varaordførar Ola K.Y.Hovet
<b>Senterpartiet</b> Tarald Myrum Stein Føreland Straume Åse Ingebjørg Flateland Margit Dale
<b>Venstra</b> Hans Olav Omnes Sissel Åkre

<b>Levekårsutval</b>
Hildeborg Homme Knut E. Haugland Olav K.Y.Hovet Malmfrid Homme Sissel Åkre

### **Administrative utval**

<b>Arbeidsmiljøutvalet</b> Rådmann leiar økonomiavd Leiar Personlavd  Hovudverneombud 2 arbeidstakarorganisasjoner
--

<b>Formannskapet</b>
Steinar Kyrvestad Hanne T. Straume Knut Hagen Margit Dale Hans Olav Omnes
<b>Plan- og miljøutval</b> Kim Pedersen, leiar Hildeborg Homme Anne Liv Lidtveit Stein Føreland Straume Åse Ingebjørg Flateland

<b>Administrasjonsutvalet</b>
Formannskapet + 2 tillitsvalde

<b>Kontrollutvalet</b>
Leiar Knut H. Nomeland Nestleiar Kent Lund

<b>Hovudverneombod</b>
Sigurd Brokke
<b>Verneombod</b> Kommunehuset Marianne Brenna Homme Valle barnehage Ingunn Mosdøl Helsehuset Monique V. Jore Hylestad skule June S. Thorsen Hylestad barnehage Bente Bjørgum Valle skule/kulturskulen Malmfrid N. Homme Teknisk Kjetil C. Jore Pleie og omsorg Gunn Lien/Sissel Helle/M. Bakke

## 2 Administrativ leiing

### Rammeområde 2: Rådmannen

Rådmann Eivind Berg/ Aud Sunniva Fuhr (01.07.17)  
Kultur/kulturskule Leiar Torunn Charlotte Nyberg


### Rammeområde 3: Stab

Leiar personalavd. Øyvind Olsen/Tom Ivar Gudbrandsen (01.03 17)  
Leiar økonomiavd. Wenche E. Gundersen/Inge Alfsvåg (01.07.17)/  
Laila B. Rysstad (konstituert leiar okt 17)  
Tom Ivar Gulbrandsen konstituert pers.ansvar okt 17)  
Leiar velkomstsenter Gunn Marith Homme  
Leiar PPT Setesdal Øyvind Kjetså  
Leiar barnevern Marie Lovise Johnsen

### Rammeområde 5: Driftsetat

Valle skule Rektor Marit J. Brokke  
Hylestad skule Rektor Else Margit Tveit  
Valle og Hylestad barnehage Styrar Lise Ranestad Mitander/Kst. Stine Haugeland (okt -17)  
Helse Leiar felles helseavd. med Bykle, Frode Verpe  
NAV sosial NAV-kontor leiar Liv Bratlie Løyland  
Pleie og omsorg Leiar Solveig Kyrvestad  
Teknisk Rådmann Eivind Berg/Aud Sunniva Fuhr (01.07.17)

## 3 Organisasjonsplan



## 4 Overordna mål

*Valle kommune skal satse på nyskaping med utgangspunkt i lokale ressursar og fortrinn. Mangfald og utvikling skal prege næringslivet, kulturen og fritida. Me vil fremje ei utvikling i pakt med miljøet.*

### 4.1 Verksemda Valle kommune

#### Hovudoppgåver

- Tenesteyting
- Samfunnsutvikling
- Forvalting

#### Mål

Valle kommune skal vere ein serviceorientert organisasjon med brukaren i fokus, ein framtidsretta samfunnsutviklar og eit truverdig forvaltingsorgan.

#### Strategiar

1. ha kompetente og dyktige leiarar med handlekraft og initiativ, og med heilskapleg leing i form av god balanse mellom rollene som administratorar, motivatorar, ekspertar og utviklarar. Leiarar skal legge til rette for medverknad på arbeidsplassane og drive einingane i økonomisk balanse
2. skape ein utviklingsorientert organisasjon
3. nytte LEAN-konseptet i alle arbeidsprosessar
4. digitalisering
5. brukarmedverknad
6. samarbeid med andre kommunar
7. vere ein lærande organisasjon som legg til rette for fleksibilitet i arbeidsmåtar og organisasjonsformer
8. kompetanseutvikling og kunnskapsspreiing gjennom læring i det daglege arbeidet
9. ha fokus på nærleik og helsefremjande arbeidsplassar. Arbeide for å ha eit lågt sjukefråver gjennom aktive tiltak som førebygger sjukefråver og tiltak for rask tilbakeføring ved sjukdom

### 4.2 Økonomi og økonomistyring

Kommunen si finansielle stilling er ein viktig indikasjon på kva føresetnad kommunen har for å kunne gi eit forsvarleg tenestetilbod på lang sikt. Tre sentrale nøkkeltal seier noko om kommunen sin status: netto driftsresultat, lånegjeld og disposisjonsfond.

#### Mål

- netto driftsresultat over tid i gjennomsnitt minst 2%
- forsvarleg nivå på lånegjelda (pr. 2017 lik 66,08% av brutto driftsinntekt
- (landsgjennomsnitt lik 75,9%))
- disposisjonsfond på omlag 20 millionar

## 5 Oppsummering av året sett frå rådmannen si side

Økonomisk sett har året vore godt med eit positivt netto driftsresultat på kr 13.480.795,- som er 6,79% (målet er over tid eit gjennomsnitt på 1,75%).

Etter avsetting og bruk av fond og overføring til investeringsrekneskapen har vi eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.450.473,-

Totalt mindreforbruk på avdelingane er 1,7 mill. Forklaring er:

- Næring. Det har ikkje vore tilsett næringsrådgjevar av siste del av 2017.
- Oppvekst. Mindreforbruk på ramme er med på å finansiere meirforbruk på andre einingar.
- Nav, sosial og flyktning. Midlertidig redusert bemanning.

Det er stort fokus på budsjettoppfølging og innsparingar.

Netto lånegjeld er 131 055 000 kr, 66,08% av brutto driftsinntekter.

På fond i 2017 har vi 59 363 248 kr, av desse er 38 293 388 bundne.

Varsla reduksjon i eigedomskatt for 2017 vart korrigert hausten 2017.

Folketalsutviklinga fortsett i ein negativ trend. I 2010 var det 1 289 innbyggjarar i Valle kommune, 31.12.17 var det redusert til 1246 innbyggjarar.

Næringsutvikling, det er brukt 11 000 000 kr frå tiltaksfondet der dei største enkeltpostane er næringstilskot, overføring til Setesdal Regionråd og tilskott til jordbruk, samt renter og avdrag på lån.

I 2017 har det vore skifte i leiande stillingar i organisasjonen. Ny rådmann og ny leiar for økonomi vart tilsett 01.06.17 med oppstart av funksjonane 01.07.17. I tillegg vart det i 2017 tilsett fagansvarleg personal og ny styrar i barnehagane i kommunen.

Ny rådmann har bruka hausten 2017 til å bli kjend med organisasjonen.

Klart oppdrag for ny rådmann er å vidareutvikle organisasjonen. Rådmannen har i 2017 starta arbeidet med å etablere ei effektiv leiargruppe tilpassa ein 2-nivå kommune. Som del av arbeidet er samhandling med tillitsvalde og verneombod i kommunen.

Valle kommune inngjekk i mars 2017 avtale med Lund bedriftshelsetenester om levering av bedriftshelsetenester til kommunen. Lund BHT har vore og er ein sterk bidragsytar når det gjeld møteplassen, Great Place to work, IA-avtalar mm.

Valle kommune har i 2017 etablert fast møteplass for oppfølging av tilsette med redusert funksjonsevne og/eller sjukefråver. Fagansvarleg personal, NAV og Lund bedriftshelseteneste er faste medlemmer.

Våren 2017 starta ein programmet "Great Place to Work" med fokus på utvikling og oppretthalde ein unik tillitskultur på arbeidsplassen.

I 2017 hadde Valle kommune eit sjukefråvær på 5. 94% som er det lågaste dei siste 7 åra.

Valle kommune har i dag relativt få søkjarar på ledige stillingar, til dømes pedagogar og leiarstillingar. Det blir avgjerande å sjå på konkrete tiltak.

Pr. oktober 2017 var arbeidsløysa opp 0.9%, lågaste tal for arbeidsløyse av alle kommunane i Aust-Agder.

Meir enn 2/3 av medarbeidarane i kommunen er kvinner. God kjønnsbalanse i arbeidstokken er ei stor utfordring.

Valle kommune sendte inn heile 9 søknader om spelemidlar, og fekk god utteljing på desse.

Bibliotek vart fom 2.tertial 2017 slått saman med eininga Kultur og fritid. Biblioteksjefen har gjennom heile året jobba med å førebu seg til flytting, og delteke aktivt i arbeidet med planlegging av nytt bibliotek.

Valle kommune har som mål å vere ein aktiv skuleeigar med fokus på det 13-årige skuleløpet. Avgangselevane på 10. trinn oppnådde 38,9 i grunnskulepoeng (Aust Agder 41,3). I analysane av læringsresultata ser ein at resultata er gjennomgåande under gjennomsnittet i lesing, men ser ein på resultata på ungdomstrinnet så aukar lesing og rekning frå 8. til 9. trinn i same klasse. Skulane arbeidar systematisk med læringsmiljø og oppfølging av læringsresultat med aktivt å bruke lærande møter og nettverk. Elevane på ungdomstrinnet er mindre motivert for skulearbeidet framfor mellomtrinnet.

For barnehagane er viktige mål tidleg innsats og sosial utjamning, gjennomført kompetanseheving for personalet. "Frå bekymring til handling" vidareførast. Ein arbeidar med å førebyggje lese- og skrivevanskar ved å bruke verktøyet Bravo-leiken. Pr desember 2017 har Valle barnehage 50% minoritetsspråklege barn i barnehagen.

Pleie- og omsorgsavdelinga skal levere brukartilpassa tenester, på rett nivå, til rett tid, med høg kvalitet.

Sakshandsamingstid i byggesaker er eit særskilt fokus. Resultatet for 2017: totalt 228 saker er handsama i løpet av året og 97,08% % handsama innan tidsfristen.

I 2017 vart det tatt opp lån på 14,08 mill. Dei største investeringsprosjekta er nytt bibliotek og kyrkjestoge i Valle sentrum og tilbygg verkstad Øyne.

Setedal barnevern er ei felles eining for Bygland, Valle og Bykle. Setedal barnevern har fokus på førebyggjande arbeid og tidleg intervensjon. I 2017 var det ingen fristoverskridingar.

PPT for Setesdal er ei felles eining for Bygland, Valle og Bykle. Eitt av måltala som det vert fokusert på er "Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning». Talet på elevar med spesialundervisning er synkande om ein ser over fleire år i Bygland og Valle. I Bykle har det vore ein auke siste åra.

Som ny rådmann har eg møtt ein positiv og engasjert organisasjon. Skifte i store delar av kommunen si leing har sett sitt preg på organisasjonen hausten 2017. Medarbeidarane i Valle kommune har gjort ein stor innsats i levering av gode tenester.

Eg nyttar høvet til å seie ein stor takk for å bli godt tatt imot og ser eg fram til saman med organisasjonen og politikarar å halde fram arbeidet med å utvikle Valle kommune i høve kommunen sine målsettingar i ein kultur kor vi er stolt av eigen kommune.

Valle 18. mai 2018

Aud Sunniva Fuhr  
rådmann



## 6 Analyse av kommunerekneskapen

I dette avsnittet ser ein på korleis heilskapen i den kommunale økonomien har utvikla seg dei siste åra ved tre analysemodellar: **Balanse, Finansieringsanalyse og Kommunalt rekneskapsresultat**. Ein har sett drifts- og investeringsrekneskapen under eitt i finansieringsanalysen, som i realiteten er ei avskrift av løyvingsrekneskap. Analysemodellane gjev eit bilete av stoda i dag og i høve til tidlegare år. Nokre av postane i analysemodellane er nærare forklåra og spesifiserte i noter (tal i parentes refererer til dette).

Alle summar er i 1.000 kr, dersom ikkje anna er opplyst.

## 6.1 Balansen

Tal i heile tusen.

<b>BALANSEN OR. 31.12.</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
<b><u>EIGEDELAR (debetsida)</u></b>					
<b>Anleggsmidler kap. 2.2</b>	<b>471 350</b>	<b>502 738</b>	<b>523 793</b>	<b>551 837</b>	<b>575 863</b>
herav:					
Fast eigedomar og anlegg	261 115	272 303	278 895	298 439	305 881
Utstyr, maskiner og transportmidlar 3)	7 265	7 604	6 872	6 295	5 807
Utlån 2)	10 221	10 082	10 950	12 022	10 827
Aksjar og andelar	7 421	7 327	7 788	8 353	8 978
Pensjonsmidlar	185 326	205 421	219 286	226 726	244 371
<b>Omløpsmidlar kap. 2.1</b>	<b>81 842</b>	<b>86 390</b>	<b>87 073</b>	<b>98 756</b>	<b>108 408</b>
herav:					
Kortsiktige fordringar 1)	16 994	16 150	17 681	20 865	20 025
Premieavvik	10 404	12 907	11 654	12 577	13 012
Kasse, bank	54 443	57 333	57 737	65 313	75 371
<b>Sum eigedelar</b>	<b>553 192</b>	<b>589 128</b>	<b>610 865</b>	<b>650 593</b>	<b>684 271</b>
(kreditsida)					
<b><u>EIGENKAPITAL</u></b>					
<b>Eigenkapital kap. 2.5</b>	<b>-143 576</b>	<b>-153 298</b>	<b>-171 173</b>	<b>-179 506</b>	<b>-201 826</b>
herav:					
Disposisjonsfond 6)	-8 499	-5 574	-8 663	-9 883	-17 243
Bundne driftsfond	-28 587	-30 825	-32 178	-31 444	-37 815
Ubundne investeringsfond	-3 764	-3 827	-3 827	-3 827	-3 827
Bundne investeringsfond	-837	-661	-708	-457	-478
Rekneskapsmessig mindreforbruk	0	-4 122	-1 955	-6 681	-3 450
Rekneskapsmessig meirforbruk	1 189	0	0	0	0
Udisponert i investeringsreknesk.	0	0	0	0	0
Udekka i investeringsrekneskapen	0	0	0	0	0
Kapitalkonto 7)	-102 826	-108 037	-123 591	-126 963	-138 763
Endring av rekneskapsprinsipp	-249	-249	-249	-249	-249
<b><u>GJELD</u></b>					
<b>gjeld på lang sikt kap. 2.4</b>	<b>-378 336</b>	<b>-406 052</b>	<b>-410 774</b>	<b>-439 845</b>	<b>-454 483</b>
herav:					
Pensjonsforpliktingar	-245 075	-264 066	-272 418	-282 376	-295 219
Sertifikatlån	0	0	0	0	0
andre lån 5)	-133 261	-141 986	-138 356	-157 468	-159 264
<b>Gjeld på kort sikt kap. 2.3</b>	<b>-31 279</b>	<b>-29 778</b>	<b>-28 918</b>	<b>-31 242</b>	<b>-27 962</b>
herav:					
Anna kortsiktig gjeld 4)	-30 624	-29 203	-27 602	-30 123	-26 832
Premieavvik	-654	-574	-1 316	-1 118	-1 130
<b>Sum eigenkapital og gjeld</b>	<b>-553 192</b>	<b>-589 128</b>	<b>-610 865</b>	<b>-650 593</b>	<b>-684 271</b>

**Balansen** gjev eit oversyn over bokførte eigedelar, gjeld og eigenkapital pr. 31.12 kvart år. Som ein ser har balansetala auka markant . Forklaring: pkt. 6.2-6.8.

## 6.2 Krav på kort sikt

Dette er ulike krav som skal betalast inn på kort sikt, så som restansar på kommunal fakturering og ulike refusjonar frå staten, fylket, primærkommunar og private. Ved periodisering av kjende inntekter vert kravet ført her.

## 6.3 Langsiktige utlån

Utlån tal i heile tusen

Langsiktige utlån	2013	2014	2015	2016	2017
Utlån pr. 01.01.	8 391	10 221	10 082	10 950	12 022
Nye utlån	5 076	538	1 936	1 976	47
Mottekne avdrag	-3 215	-667	-1 005	-856	1 226
Avskrivning utlån	-31	-9	-63	-48	-17
Utlån pr. 31.12.	10 221	10 082	10 950	12 022	10 827
Utlån pr. 31.12. fordelt på:					
Formidlingslån	4 875	4 811	6 144	7 629	7 092
Utlån frå tiltaks og næringsfond	437	374	308	,	162
Sosiale utlån	288	267	245	280	291
Avsett til tap, ikkje spesifisert	-300	-300	-300	-300	-300
Ansvarl. utlån Setesdalstunet	695	978	1 027	1 079	1 079
Hylestad Kyrkjegard	2 391	2 178	1 968	1 757	1 546
Brokke Eigedom AS	673	641	490	387	81
Kvisle Eigedom AS	1 162	1 130	1 067	909	876
	10 221	10 082	10 950	12 022	10 827

Tilskot til utviding av Hylestad kyrkjegard er ført som utlån og ikkje tilskot. Dette skuldast ei teknisk rekneskapsføring av di kommunen har lånefinansiert denne overføringa til kyrkjeleg fellesråd. Det er ikkje høve til å låne til tilskot, men kommunen kan låne til vidareutlån. Avdrag på lånet vert ført i rekneskapen både for kyrkja og kommunen slik at lånet minkar for kvart år.

Lån til Brokke Eigedom As og Kvisle Eigedom As er gjeve i samband med overdraging av Brokke Skianlegg AS. Det blir betalt avdrag i takt med utbygging av hytter i området.

## 6.4 Utstyr, maskinar, transportmiddel, faste eigedomar og anlegg

Større utstyr, maskinar og transportmiddel skal aktiverast. Kommunen nyttar lineære avskrivningar. Alt som er ført i investeringsrekneskapen er aktivert. Den største investeringa i 2017 er oppstarten på nytt bibliotek/kyrkjestoge med vel 13 millionar. I 2016 var det reinseanlegget på Rysstad som var den største investeringa. Her kom det 544.000,- i tillegg i 2017.

## 6.5 Gjeld på kort sikt

Dette er ulike krav som skal betalast inn på kort sikt. Av større postar kortsiktig gjeld kan ein nemne ubetalt skattetrekk og arbeidsgjevaravgift, avsette feriepengar for inntektsåret 2017 med utbetaling i 2018 og leverandørgjeld.

## 6.6 Gjeld på lang sikt

	2013	2014	2015	2016	2017
Lånegjeld pr. 31.12	378 336	406 052	410 774	439 845	454 483
Pensjonsforplikting	245 075	264 066	272 417	282 377	295 219
Lån utan pensjonsforplikting	133 261	141 986	138 356	157 468	159 264

Det er tatt opp kr 14 080 000 i nytt lån i 2017. I tillegg er det er nytta ledige lånemidlar til finansiering av investeringsrekneskapen. Lånegjeld utan pensjonsforplikting er på 159 mill. ved utgangen av 2017. Samla lånegjeld er auka.

<b>Kommunen si lånegjeld fordelt på långjevarar 2017</b>	
Husbanken-formidlingslån	8 276 094
Kommunalbanken	102 603 210
Husbanken	1 890 440
KLP-kommunekreditt	46 494 689
<b>Sum</b>	<b>159 264 433</b>

## 6.7 Oversikt over fonda

Tal i heile tusen

	2013	2014	2015	2016	2017
Fond pr. 01.01.	47 920	40 498	45 008	47 333	52 293
Avsett til fond	14 300	15 336	19 761	15 951	28001
Ikkje disp. netto driftsresultat	0	4 122	1 955	6 681	3 450
Bruk av tidl. års netto dr.res	-25	0	-4 122	-1 955	-6 681
Meirforbruk investering	0	0	0	0	0
Dekking av tidl. års underskot		1 189	0	0	0
Meirforbruk driftsrekneskapen	-1 189	0	0	0	0
Bruk av fond	-20 507	-16 136	-15 272	-15 717	-14 250
Fond pr. 31.12. inkl.årets res.	40 498	45 008	47 333	52 293	62 813
<b>Fond pr. 31.12.</b>	<b>2013</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>
Disposisjonsfond	8 499	5 574	8 663	9 883	17 243
Ubundne investeringsfond	3 764	3 827	3 827	3 827	3 827
Bundne investeringsfond	837	661	708	458	478
Bundne driftsfond	28 587	30 825	32 178	31 444	37 815
Ikkje disp. netto dr.res .	0	4 122	1 955	6 681	3 450
Meirforbruk driftsrekneskap	-1 189	0	0	0	0
Udisp. i investeringsrekn.	0	0	0	0	0
<b>Sum fond</b>	<b>40 498</b>	<b>45 008</b>	<b>47 333</b>	<b>52 293</b>	<b>62 813</b>
Likviditetsreserven	0	0	0	0	0

Fonda har auka i 2017. Det skuldast mindreforbruk i 2017, og at vi fekk korrigerert eigedomsskatten i 2017. Dei fleste fonda er merka med einskilde prosjekt som er i gong, og det er berre felles disposisjonsfond på kr 6 285 835 som ein kan si er eit heilt fritt fond. I tillegg kjem overskotet frå 2017 på kr 3 450 472.

<b>Næringsfond grunnkapital etter Retningslinjene</b>	
	15 564 908
Eige fond til garantiar 2.5199.005	100 000
Reell saldo 2.5199.000	<b>15 464 908</b>

<b>Næringsfond fiske 1912/42</b>	
IB	316 803
Tilført i 2017	31 501
Brukt i 2017	0
Saldo 2.5199.002	<b>348 304</b>

<b>Næringsfond krypsiv</b>	
IB	2 207 346
Tilført frå Otteråen 2017	250 000
Brukt i 2017	0
Saldo 2.5199.003	<b>2 457 346</b>

<b>Avkastning av næringsfond og årlege konsesjonsavgift</b>	
IB	3 487 238
Innbetalt konsesjonsavgift	12 246 591
Renteinntekt	464 980
Overført til investering	715 000
Bruk av avkastning næringsfondet	11 000 000
Saldo 2.5199.008	<b>4 483 809</b>

<b>Fond 2.5199.011 Skjønn Tosong</b>	<b>10 325</b>
--------------------------------------	---------------

<b>Brøkke Nord og Sør – tiltakskrav 2.5199.009</b>	<b>1 575 717</b>
--	------------------

Avkastninga er nytta i driftsrekneskapen i forhold til budsjett. Jamført med regelverket kan avkastning av næringsfondet nyttast til næringsstilskot til næringsdrivande, kommunal infrastruktur, kommunen si næringsavdeling og til avdrag på kommunen sine lån.

Oversikt over bruk av tiltaksfondet syner bruk i forhold til budsjett og jamført med reglane for bruk. Det er ikkje reindyrka næringsavdeling no i kommunen. Oversikten syner dei ulike ansvar der det er ført utgifter som tiltaksfondet kan nyttast til. Næring, kultur og reiseliv er organisert under rådmannen og jord og skog er under teknisk avdeling.

## 6.8 Eigenkapital/kapitalkonto

Dette er ein hugsekonto, ma. for motpostering ved låneopptak, aktivering av utstyr, faste eigedomar osb. Den er med på å syne kor stor del av eigendelane til kommunen som er finansiert med eigenkapital.

## 6.9 Oversikt over bruk av tiltaksfondet

Sum bruk av tiltaksfondet på ansvar 8140 i 2017 kr. 11.000.000,-.

Funksjon	Ansvar	Tekst/avdeling	Tiltak	Kr
325	2200	Stilling næring reiseliv	Løn	603 403
325	2200	Næringstilskot og skikort	Tilskot	658 300
325	2200	Overføring til Setesdal regionråd	Tilskot	1 300 000
325	2200	Gjestelevar gull og sølv	Tilskot	410 610
325	2202	Næringshagen	Driftsutgifter	0
325	2200	Reiseliv	Drift turistkontor	0
329	5736	Jord / skog	Tilskot jordbruk	186 000
870	8130	Renter på lån	80% av totalen	2 183 118
870	8130	Avdrag på lån	80% av totalen	9 141 490
Sum forsvarleg bruk av fondet				14 482 921

Tabellen over viser at bruk av tiltaksfondet på til saman kr 11 mill. er innanfor dei føremål reglementet gir rom for.

## 7 Diverse analysar

### 7.1 Likviditeten

Tal i heile tusen

Arbeidskapitalen pr. 31.12.	2013	2014	2015	2016	2017
Omløpsmidlar (inkl. krav på kort sikt)	81 842	86 390	87 072	98 756	108 408
Gjeld på kort sikt	-31 279	-29 778	-28 918	-31 242	-27 962
<b>Arbeidskapital</b>	<b>50 563</b>	<b>56 612</b>	<b>58 154</b>	<b>67 514</b>	<b>80 446</b>

Ein arbeidskapital på om lag kr 70-80 mill. vil normalt medføre bra likviditet for ein mindre kommune. Det er ei utfordring at ein stor del av inntektene kjem i slutten av året, dette gjeld mellom anna konsesjonsinntektene og ein stor del av skatteinntektene. I 2017 vart alle konsesjonsavgiftene betalt inn før nyttår, og dermed er det ein vesentleg auke i omløpsmidlar pr. utgangen av 2017.

Arbeidskapitalen er differansen mellom samla omløpsmidlar og gjeld på kort sikt. Størstedelen av arbeidskapitalen er bunde opp ved avsetjingar til fond som er øyremerka til ulike føremål. Likviditetsgrad: kasse, bank/gjeld på kort sikt =  $75.371/27.962 = 2,69$

	2013	2014	2015	2016	2017
Likviditetsgrad	1,74	1,92	1,99	2,09	2,69

Likviditetsgraden bør vere større enn 1, og den er her på 2,69 – ein auke frå året før.

Soliditet viser forholdet mellom eigenkapital og totalkapital, eller kor stor del av vår totalkapital som er eigenkapital.

Eigenkapitalprosent for 2017:

$\frac{\text{Bokført eigenkapital} * 100}{\text{Sum gjeld og eigenkapital}} = \frac{201.826 * 100}{684.271} = 29,49\%$

Sum gjeld og eigenkapital 684.271

	2013	2014	2015	2016	2017
Soliditet	25,95%	26,02%	28,02%	27,59%	29,49%

Eigenkapitalprosenten er redusert dei siste åra, men har ei lita auke i 2017, og er no på 29,49%. Sagt med andre ord så har Valle kommune lånefinansiert 70,5% av egedelane i 2017.

### 7.2 Kommunalt rekneskapsresultat

Netto driftsresultat for ein kommune er eit tal som er verdt å analysere. Resultatet seier noko om drifta i kommunen når ein ser bort ifrå avsetning og bruk av fond .

Rekneskapan syner eit positivt **netto driftsresultat på kr 13.480.795,-**. Etter avsetning og bruk av fond og overføring til investeringsrekneskapan syner rekneskapan eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3.450.473,- . Valle kommune har ført pensjonskostnader etter §13 i forskrift om årsrekneskap og premieavviket frå tidlegare år er fordelt over 15 år etter vedtak i k-sak 34/04. (dei siste åra over 10 og 7 år) Pr. utgangen av 2017 har Valle kommune 11.5 mill. i utsette pensjonskostnader.

### 7.3 Gjeld på lang sikt

	2013	2014	2015	2016	2017
Lånegjeld pr. 31.12	378 336	406 052	410 774	439 845	454 483
Pensjonsforplikting	245 075	264 066	272 417	282 376	295 219
Lån utan pensjonsforpl.	133 261	141 986	138 356	157 469	159 264
Utlån	10 221	10 082	10 950	12 022	10 827
Justert for ubruka lån	9 812	11 351	10 572	14 970	17 382
<b>Netto lånegjeld</b>	<b>113 228</b>	<b>120 553</b>	<b>116 835</b>	<b>130 477</b>	<b>131 055</b>
Innbyggjarar	1 270	1 246	1 251	1 250	1 225
<b>Netto lånegjeld i kr. pr. innbyggjar</b>	<b>89 155</b>	<b>96 752</b>	<b>93 393</b>	<b>104 381</b>	<b>106 984</b>


Brutto langsiktig lånegjeld er på 454 mill. kr. Isolert sett er dette høgt, men forskrifta for føring av pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar aukar opp både sider av balansen. Lånegjelda målt pr. innbyggjar har gått opp det siste året. I 2017 er lånegjelda på kr 106.984,- pr. innbyggjar. Valle kommune ligg ikkje høgast på lånegjeld pr. innbyggjar lengre no. I periodar med minkande driftsinntekter kan det bli eit problem for handlefridomen med høg lånegjeld, spesielt dersom rentenivået aukar att. Nye investeringar som treng lånefinansiering må vurderast nøye, og kan hende setjast ut i tid. For ikkje å auke lånegjelda må en ikkje ta opp meir i nye lån pr. år enn det som vert betalt i avdrag pr. år. I økonomiplanen for 2018-2021 ligg det inne låneopptak som er over handlingsregelen. Det har auka på ledige lånemidlar det siste åra. Bruk av ledige lånemidlar for 2018 må handsamast som eige sak i kommunestyret. Det gjeld anlegg som var budsjettert i 2017, men som ikkje blei slutført før i 2018, ma. nytt bibliotek i Valle sentrum.

#### Langsiktig gjeld målt i prosent av brutto driftsinntekter:

$$\frac{\text{Total lånegjeld} \times 100}{\text{Sum driftsinntekter}} = \frac{454.483 \times 100}{198.299} = 229,19\%$$

$$\frac{\text{Netto lånegjeld} \times 100}{\text{Sum driftsinntekter}} = \frac{131.055 \times 100}{198.299} = 66,08\%$$

År	2013	2014	2015	2016	2017
Total lånegjeld	203,98%	220,92%	224,85%	234,12%	229,19%
Netto lånegjeld	61,0%	65,5%	63,98%	69,45%	66,08%





## 7.4 Inntekter frå kraftsektoren

Tal i heile tusen

Inntektene fordelar seg slik:	2013	2014	2015	2016	2017
Naturressursskatt	13 117	13 117	13 398	13 403	13 868
Eigedomsskatt	31 250	31 831	31 630	30 857	29 470
Konsesjonskraftinntekt	10 118	8 234	6 239	5 936	7 138
Konsesjonsavgift	11 532	12 259	12 028	12 028	12 247
Sum	66 017	65 441	63 295	62 224	62 723

Kraftverksinntektene utgjer kr. 62,7mill. i 2017. Dette utgjer 31,6 % av samla driftsinntekter på kr 198.299.718,- i 2017.

**Naturressursskatten** Opplysning om naturressursskatten får vi frå skatteoppkrevjar frå skatterekneskapen. Beløpet er stabilt med om lag 13 mill. pr. år.

**Eigedomsskatten** Grunnlaget for eigedomsskatten på kraftverk vert fastsett av skattekontoret, og grunnlaget for andre produksjonsbedrifter er fastsett lokalt. Eigedomsskatten auka kraftig fram til 2007, men så har ein kome opp i makstaket for kraftverk og beløpet har stått tilnærma fast. Taket er løfta noko frå 2012. LVK arbeider for å avvikle makstaket. Lokale skatteobjekt, samt kraftliner og teleliner blei taksert om i 2010, og det er skrive ut eigedomsskatt etter desse takstane for 2017. Taksten står i 10 år.

**Konsesjonskraftinntekta** vert utbetalt gjennom Konsesjonskraft IKS, som forvaltar konsesjonskrafta for kommunane i Aust- og Vest-Agder og fylkeskommunane. Det er ei usikker inntekt som kan svinge kraftig etter prisen på kraft. Det vert nytta fordelingsnøkkel mellom kommunane og fylket som gjeld frå 2010. Beløpet kan svinge ein del.

**Konsesjonsavgifta** er stabil og den blir inntektsført heilt på slutten av året etter liste frå NVE.

## 7.5 Finansielle indikatorar

Nøkkeltall sett i relasjon til Sum driftsinntekter, kr 198.299.718,- i 2017:

I % av driftsinntekter	2013	2014	2015	2016	2017
Brutto driftsresultat	-3,96	-1,63	-2,24	-0,87	4,24
Netto rente/avdrag finans	-1,53	-1,36	-1,94	-2,50	-3,40
Netto driftsresultat	-0,18	3,09	1,57	3,07	6,79
Brutto investeringar	16,54	12,95	9,25	16,72	9,46
Netto lånegjeld (langsiktig)	61,05	65,57	63,98	69,45	66,08

Netto driftsresultat i 2017 er 6,79 %. Kravet er minst 1,75 % over tid . Brutto driftsresultatet i 2017 er positivt, det er resultatet før finanstransaksjonar og før motpost avskrivningar.

## Andre aktuelle oppstillingar

Tal i heile tusen

Inntekter etter art	2013	2014	2015	2016	2017
Brukarbetaling, sals- og leigeinnt.	17 543	18 971	18 780	19 981	20 617
Overføringar med krav til motyting	28 373	23 012	23 104	25 762	33 264
Rammetilskot	39 399	41 236	39 776	40 980	42 008
Andre statlege overføringar	5 494	6 773	7 680	8 094	8 143
Andre overføringar inkl. konsesjonskraft	10 211	8 600	6 299	5 954	7 508
Skatt på inntekt og formue	28 559	28 003	29 985	30 810	31 176
Eigedomsskatt	31 251	31 831	31 630	30 858	29 470
Andre direkte og indirekte skatter:					
Konsesjonsavgift	11 532	12 259	12 028	12 028	12 247
Naturressursskatt	13 117	13 117	13 398	13 403	13 868
Sum driftsinntekter	185481	183 803	182 684	187 871	198 301

Renteinntektene er ikkje tekne med i desse summane, då dei er rekna med under kapitalutgifter. Interne overføringar er heller ikkje tekne med. Tala kan svinge noko frå år til år, og i 2017 er totalsummen auka.

## 7.6 Dekningsgrad

Skatte- og rammetilskotsdekningsgrad syner kor stor del av driftsutgiftene som er dekt av skatteinntekter og rammetilskot

$$\frac{(\text{skatter} + \text{eigedomsskatt} + \text{rammetilskot}) * 100}{(\text{sum utgifter})} = \frac{116.522 * 100}{189 877} = 61,36\%$$

## Utvikling dei siste åra

2013	2014	2015	2016	2017
58,25	61,12	61,45	61,23	61,36

## 7.7 Utgifter etter art

Tal i heile tusen

	2013	2014	2015	2016	2017
Lønsutgifter	87 912	85 591	86 734	85 012	86 503
Sosiale utgifter	21 363	21 011	22 845	19 677	19 968
Kjøp av varer og tj. som inngår i tj.prod	31 819	29 548	26 210	26 827	30 327
Kjøp av varer og tj. som erstatter tj.prod	22 206	24 461	24 922	29 417	30 059
Overføringar	22 695	18 210	18 847	20 961	15 836
Avskrivningar	9 846	11 189	10 530	12 111	11 812
Fordelte utgifter	-3 009	-3 205	-3 308	-4 498	-4 628
Sum driftsutgifter	192 833	186 806	186 781	189 508	189 877

Utgiftene ligg noko høgare i 2017. Utgifter til samhandlingsreforma slutta frå 2015, det utgjer 1, 2 mill i mindre utgift i 2015. Det kan også vere vert å merke seg at reduksjonen i lønsutgiftene frå 2013 skuldast at Valle kommune kjøper helsetenestene frå Bykle kommune. Det vil si at Valle ikkje betaler ut løn, men betaler til Bykle kommune for alle tilsette på legekantoret, fysioterapeut, helsestasjon, jordmor og psykisk helse.

Tal i heile tusen.

	2013	2014	2015	2016	2017
Renteinntekter, utbytte og eigaruttak	-8 781	-9 724	-9 330	-8 217	-7 673
Mottekne avdrag på utlån	-251	-276	-328	-331	-350
Renteutgifter, provisjonar og finansutg.	3 314	3 348	3 082	2 747	2 963
Avdragsutgifter	8 477	9 104	10 031	10 272	11 768
Utlån	77	54	92	226	47
<b>Resultat (- er netto inntekt)</b>	<b>2 836</b>	<b>2 507</b>	<b>3 547</b>	<b>4 697</b>	<b>6 755</b>


I heile perioden er det høgare utgifter enn inntekter på finanstransaksjonar. Ein vesentleg del av inntekta er utbytte frå Agder Energi og ved nedgang der vil resultatet blir netto utgift. Renteutgiftene held seg låg ved at rentenivået på banklån er svært lavt, for tida 1,7%. Dersom renta går opp til 3% vil renteutgifta auke med om lag 2 mill.

## 8 Generelle kommentarar til rekneskapstala

Utvikling av brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter frå avdelingane.

Tal i heile tusen

<b>Drift ramme 1 - 7 inkl. momscomp</b>	2013	2014	2015	2016	2017
Driftsutgifter art 0-4	189 434	181 687	182 941	181 408	182 693
Driftsinntekter art 6-8	53 006	49 239	48 817	56 423	65 790
<b>Netto utgift</b>	<b>136 428</b>	<b>132 448</b>	<b>134 189</b>	<b>124 985</b>	<b>116 903</b>



## 8.1 Økonomisk oversikt per eining (skjema 1B)

	Netto rekneskap 2017	Revidert budsjett 2017	Differanse
10 Politisk styring	2 755 314	3 059 000	303 686
1 Politisk styring - sum	2 755 314	3 059 000	303 686
20 Rådmannen /beredskap	2 696 379	2 450 000	-246 379
22 Næring	3 115 211	3 855 000	739 789
23 Kultur	4 159 628	4 197 000	37 372
2 Rådmannen – sum	9 971 218	10 502 000	530 782
31 Diverse under stab	2 360 644	2 446 000	85 356
32 IKT avdeling	2 803 007	2 961 000	157 993
33 Økonomiavdeling div. felles	7 797 614	9 591 000	1 793 386
35 SVR	0	0	0
36 Velkomstsenter	3 286 854	3 226 000	-60 854
37 PPT og barnevern	2 814 394	2 751 000	-63 394
38 Frivilligsentral	643 125	594 000	-49 125
3 Stab – sum	19 705 638	21 569 000	1 863 362
51 Oppvekst	29 727 777	31 121 000	1 393 223
54 Helse	10 470 726	9 978 000	-492 726
55 NAV Sosial, flyktning	6 515 912	8 200 000	1 684 088
56 Pleie og omsorg	34 527 008	32 362 000	-2 165 008
57 Teknisk drift	20 630 454	18 729 000	-1 901 454
58 Teknisk forvaltning	2 966 856	3 361 000	394 144
5 Drift – sum	104 838 733	103 751 000	-1 087 733
6 Div. pensjon, premieavvik	-2 096 147	-2 200 000	-103 853
7 Momskompensasjon	-4 810 743	-4 600 000	210 743
65 Konesjonskraft	-7 138 015	-7 138 000	15
<b>Sum netto utg.</b>	<b>123 225 998</b>	<b>124 943 000</b>	<b>1 717 002</b>

Tabellen viser revidert netto budsjett og netto rekneskap for kvar eining. Det samsvarar med obligatorisk skjema 1B i rekneskapen. Totalt mindreforbruk på avdelingane er 1,7 mill.

Forklaring til avvik:

22 Næring. Det har ikkje vore tilsett næringsrådgjevar siste del av 2017.

33 Øk/div.felles. Felles budsjett tariffoppgjer og lærling er inkludert.

51 Oppvekst. Mindreforbruk på ramme er med på å finansiere meirforbruk på andre einingar.

55 Nav, sosial og flyktning. Midlertidig redusert bemanning.

56 Pleie- og omsorgsavd. Stor eining, manglar overføring frå felles pott tariffoppgjer.

Stort fokus på budsjettoppfølging og innsparingar har gitt resultat i reduserte utgifter.

## 8.2 Investeringsrekneskapen

Tal i heile tusen

	2013	2014	2015	2016	2017
Investeringar i anleggsmidlar	30 678	23 796	16 910	31 421	18 766
Utlån og forskottering	4 999	483	1844	1 750	0
Kjøp av aksjar	405	445	461	565	625
Avdrag på lån	313	440	415	516	516
Avsetningar	73	62	46	0	20
Årets finansieringstrong	36 469	25 227	19 677	34 253	19 927
<b>Finansiert slik:</b>					
Bruk av lånemidlar	24 237	16 730	7 596	25 502	11 668
Inntekter frå sal av anleggsmidlar	50	2 020	926	858	0
Tilskot til investeringar	2 065	489	7 153	3 896	750
Momskomp. Investering		4 364	2 714	2 656	3 449
Mottekne avdrag på utlån og refusjonar	2 963	390	676	525	1 078
Andre inntekter					
Sum eksternt finansiering	29 315	23 993	19 066	33 437	16 945
Overført frå driftsrekneskapen	4 556	288	49	0	2 290
Bruk av avsetningar( fond)	2 596	943	561	815	691
Sum finansiering	36 467	25 224	19 677	34 252	19 926
Udisponert i investering /+ = underskot	0	0	0	0	0

Investeringsrekneskapen er finansiert, og det er gjort opp i balanse. Det er eit budsjettavvik frå 2. tertialrapport. Bakgrunnen for dette er tilpassing av tertialrapporten, der låneramma er mindre enn det budsjetterte.

Det er oversikt over einskilde prosjekt i rekneskapen. I 2017 er investeringsrekneskapen finansiert fullt ut. Det er tatt opp lån i 2017 på 14,08 mill. Det som ikkje er nytta av det nye låneopptaket i 2017 er sett av på ledige lånemidlar til bruk i 2018 til investeringstiltak, då særleg nytt bibliotek og kyrkjestoge.

Dei største investeringane i 2017 er:

Nytt bibliotek og kyrkjestoge i Valle sentrum  
Tilbygg verkstad Øyne

Andre tiltak som er gjennomført går fram av rekneskapen i oversikt over alle investeringar

Avvik i høve budsjett:

572 Rysstad reinseanlegg, kr 1.112.323 til disponering, alt er ikkje ferdigstilt og gjort opp pr. d.d. Det manglar m.a. sluttavrekning på prosessavrekning.

668 Kyrkjestoge/bibliotek, 1 291 079,- til disp. Prosjektet er om lag halvvegs til nyttår og blir ferdigstilt i 2018.

## 9 Tiltak for å sikre god kontroll og høg etisk standard

- Fokus på etisk standard i prosjekt som omfattar bygg- og anleggsarbeid, ber om dokumentasjon og følgjer lov om off. anskaffelser
- Ansvarleg gjering av den som handlar inn ved henting av varer ved å take stikkprøver
- Månadleg økonomiske oppfølgingar på avdelingane
- Rutinar for attestering og tilvising til seg sjølve

## 10 Finansforvaltning

I høve finansreglement er det rom for plassering av likvide midlar både kortsiktig og langsiktig. Pr. i dag vert Valle sparebank nytta til innskot og Husbanken, Kommunalbanken og KLP-Kommunekreditt som långjevar. Det er fleire aktørar i marknaden som vil hjelpe oss å plassere midlane våre, men i høve tidlegare vedtak er midlane plassert i Valle sparebank, og Valle kommune har også ein del aksjar i Agder Energi som gir avkastning kvart år.

Rentenivået på innlån er lågt. Det er på omlag 1,7%. Det er positivt for kommunen med låg rente av di innlån er høgare enn innskot i banken. Det er likevel viktig å vere budd på at rentenivået kan stige i framtida. Signala ein har fått no er at renta vil halde seg låg ei god stund til. Det er to lån med fast rente kr 5 224 500 med 3,95% til 2019 og kr 16 443 000 med 2,7% til 2024. Resten av låneporteføljen har fljotande rente.

I finansreglementet står det i punkt 7,5 c) «1/3 del av gjeldsporteføljen bør ha flytende rente, 1/3 del av gjeldsporteføljen bør ha fast rente, mens 1/3 bør vurderes ut i frå markedsituasjonen» Pr. 31.12.2017 var det fastrente på 13,62% av låneportefølgjen. Det kan vere aktuelt å vurdere ytterlegare binding no som rentenivået er så lågt.

### Finansforvaltning – rapport pr 31.12.17

Aktiva	Bankinnskot	Valle sparebank	75 370 611
	Utlån	Samla	10 826 877
Passiva	Lånegjeld	Samla	-159 264 433
Memoria	Ubruka lån		17 382 396

Det er tatt opp nytt lån i 2017 på 14,080 mill.

## 11 Kommunen som organisasjon

### 11.1 Organisasjon og personalressursar

Frå 2013 er tilsette i helseavdelinga ikkje med i oversikten over løn då dei er tilsett i Bykle kommune som vertskommune.

År	Lønsutgifter totalt
2013	Kr 109 275 000
2014	Kr 106 602 622
2015	Kr 109 579 891
2016	Kr 104 689 420
2017	Kr 106 470 743

Lønn og sosiale utgifter + køyre- og kostgodtgjering

Det var 7 tilsette 25-årsjubilarar i 2017 som fekk utdelt gullklokke/gåvekort i forbindelse med julebord som vart skipa for alle tilsette i Valle kommune.

#### Opplæring ført på art 150 i rekneskapan

	2013	2014	2015	2016	2017
Politisk leing	56 445	89 533	101 188	63 009	76 298
Rådmannen	24 836	62 549	22 751	25 450	39 979
Stab	423 236	452 718	100 228	68 787	104 152
Driftsetat	516 672	325 929	357 428	360 939	295 639
	1 021 191	930 729	551 596	518 185	516 068

I tillegg kjem utgifter til stipend og reise i samband med kurs, og kurs i egen regi kan være ført på annan art.

### 11.2 HMS

HMS er eit lovpålagt satsingsområde innanfor norsk arbeidsliv. Valle kommune har som arbeidsgjevar eit ansvar for å arbeide systematisk med helse, miljø og sikkerhet for våre tilsette, og dei tenestene vi leverar. Avvikshandtering vil være eit viktig moment i dette arbeidet. Valle kommune har innført Compilo, som er eit kvalitetssystem for handtering av avvik, og varsling. Det er gjennomført vernerundar på dei fleste avdelingar i 2017.

Valle kommune inngjekk i mars 2017 avtale med Lund bedriftshelseteneste som skal levere bedriftshelsetenester til kommunen dei neste åra. Lund BHT har vore, og er en sterk bidragsyter når det gjeld blant anna møteplassen, Great place to work, IA – avtala m.m.

Sjukefråværet svingar noko frå år til år, med ein topp i 2016 då fråværet var på 7,86% mot 5,94% i 2017 som er det lågaste nivået i registreringa under.

2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
6,4	6	6,8	6	7,4	7,32	7,86	5,94

Valle kommune har satt seg som mål, og er forplikta til å være ein helsefremmande og inkluderande arbeidsplass. Dette betyr at vi skal drive meir med førebyggjande arbeid, blant anna skal vi følgje opp

måla i IA – avtala. Vi har som ei hovudprioritering innan arbeidsgivarområdet å redusere det totale sjukefråværet i organisasjonen. Å redusere sjukefråværet er ei viktig målsetting for kommunen. Økt nærvær bidrar til auka kvalitet i tenesteleveringa og eit betre arbeidsmiljø.

Valle kommune har etablert ein fast møteplass for oppfølging av tilsette med redusert funksjonsevne og /eller sjukefråvær. Fagansvarleg personal, NAV og Lund bedriftshelseteneste er faste medlemmar. Leiar har ansvar for innkalling og oppfølging av eigne tilsette. Sjukemeldar/behandlar kan innkallast ved behov.

Kommunen meiner at økt fokus på nærvær, og tiltak som møteplassen og Great place to work vil ha positiv effekt på fråværet.

### **11.3 Rekruttering og likestilling**

Valle kommune har i dag relativt få søkjarar til ledige stillingar, til dømes lærarstillingar, pedagogar, og leiarstillingar er det utfordrande å få kvalifiserte søkjarar. For kommunen vil det bli avgjørande å sjå på konkrete tiltak for å tiltrekke seg kvalifisert arbeidskraft. Rekrutteringstillegg har vorte innført ved tilsettingar av lærarar, og andre tiltak som praksisskole vert drøfta.

Pr. oktober 2017 var arbeidsledigheten på 0,9% i Valle kommune, dette gir utfordringar med tanke på kortvarige midlertidige/vikariat oppdrag. Valle kommune har det lågaste ledighetstalet av alle kommunane i Aust-Agder. Ledigheten er generell lav i alle Setesdal kommunane, det er difor vanskelig og rekruttere ledig arbeidskraft også frå nabokommunane.

For å behalde kompetanse og då spesielt seniorar har det vore viktig for kommunen å ta i bruk ulike verkemiddel for å motivere tilsette til å stå lenger i arbeid. Valle kommune skal legge til rette for tilsette slik at arbeidstakaren kan stå i arbeid lengst muleg. Dette kan dreie seg om endring av arbeidsoppgåver, diverse hjelpemiddel osv. Vi tilbyr også lønstillegg eller fridagar til tilsette etter fylte 62 år.

Regional plan for likestilling, inkludering og mangfold er eit av fleire satsingsområde i Agder regionen. Likestillingsarbeidet skal fokusere på kjønn, etnisitet, funksjonsevne, alder, religion/livssyn, seksuell orientering/kjønnsuttrykk/ kjønnsidentitet og sosial bakgrunn. Valle kommune skal ha ei bevist haldning til desse momenta når vi rekrutterer.

Meir enn 2/3 av medarbeidarane i kommunen er kvinner. I rådmannens leiargruppa er 10 av 12 leiarar kvinner. Når vi har lite tilgang på kvalifisert arbeidskraft er det ei stor utfordring å få til ei god kjønnsbalanse i arbeidstokken.



## 12 Folketalsutvikling


### 12.1 Folketalsutvikling

Pr. 01.01.2001 var det registrert 1 456 innbyggjarar i kommunen, i 2010 var det registrert 1 289, i utgangen av 2017 var det registrert 1 246. Nedgangen i løpet av 2 000 talet har vore stor, dessverre ser det ut til at nedgangen fortsetter utover i 2018. Det er ei utfordring for kommunen å få opp folketalet. Dette blir det fokusert på mykje i økonomiplanarbeidet.

I 2017 var det ein innflytting på 60 pers. Utflyttinga var på 70 pers. Fødselsoverskotet var på – 11 pers.

	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018
0940 Valle									
Folkemengde	1 289	1 284	1 293	1 277	1 270	1 251	1 242	1 246	1 225

Folkemengde og endringer, etter region, statistikkvariabel og år



Kilde: Statistisk sentralbyrå

## 13 Årsmelding frå kvar avdeling (tal direkte frå agresso)

### 13.1 Politisk

Avdeling	Netto forbruk	Netto budsjett	Prosentforbruk
1* Politisk	2 755 314	3 059 000	90,07

Kommunestyret, Formannskap, Plan- og miljøutval, Levekårsutval, Adm.utval, AMU, Kontrollutval, Eldreråd, Forliksråd, VBUR, Andre utval amt utgifter til Val.

### 13.2 Rådmannen

Avdeling	Netto forbruk	Netto budsjett	prosentforbruk
Rådmann	2 696 379	2 450 000	110,0

Merforbruket skuldast kostnader til advokat bistand som er ført på rådmann og kostandar knyta til skifte av rådmann.

#### Organisasjon

Ny rådmann har brukt hausten 2017 til å bli kjent med organisasjonen. Klart oppdrag for ny rådmann er å vidare utvikle organisasjonen. Rådmannen har starta arbeidet med å etablere ein effektiv leiargruppe tilpassa ein 2- nivå kommune. Som del av arbeide er samhandling med tillitsvalde og verneombod i kommunen.

I tillegg til ny rådmann har det det vore gjennomført rekrutteringsprosessar for fagleiar personal, styrar for barnehagane og leiar økonomi. Dessverre ble styrar for barnehagane langtidsjukemeldt i september. Konstituert styrar ble henta internt frå organisasjonen. Ny leiar for økonomi slutta i prøvetid (okt 17), konstituert leiar ble henta internt frå organisasjon. Rådmann konstituerte rektor ved Valle skule som rektor for vaksenopplæringa hausten 2017.

#### Næringsutvikling

- Følgje opp prosjekter bla nytt bibliotek
- Vidareført arbeidet med utbyggingsavtalar

#### Tenestetilbod

- Reforhandle ordninga med felles helseteneste med Bykle og komme fram til ny kostnadsfordelings-nøkkel
- I tillegg til utvikle organisasjon har rådmannen hausten 17 prioritert støtte og oppgåver innafør næring, oppvekst (rektor vaksenopplæringa, eieroppgåver) økonomi (budsjettprosess)

#### Sjukefråver

- Status: 0%

### 13.3 Næring

Avdeling	Netto forbruk	Nettobudsjett	Prosentforbruk
Næring	3 115 211	3 855 000	80.80

Forklaring på mindreforbruk er vakant stilling på næringsrådjevar frå oktober 2017.

#### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2016 - 2019

Valle kommune skal vere ein attraktiv fritidskommune for Sør - vestlandet

Oppgaver det har blitt arbeida med i 2017:

#### Informasjon

- Heimesida til kommunen, publisering på intranett
- Bygdenytt
- Utforming av trykksaker

#### Næring

- Deltaking i Næringsforum
- Suleskarsvegenprosjektet
- Vinmonopoletablering
- RV 9 planlegging av trasevalg
- Skilting til bedrifter
- Vilårsrevisjon

#### Samfunnsutvikling

- Brokke 2025
- Langrennsløype med snøproduksjonsanlegg (arbeidsgruppe)
- Nasjonal utvalde kulturlandskap Flateland – Rygnestad

Næringsrådjevar har lagt stort arbeid i oppgradering av turveggar i Valle kommune. Turvegen til Gloppefoss har fått ny bru, nye turveggar har blitt skilta både på Rygnestad, Homfjell og Prestefossen tursti og nye informasjons er tavler er satt opp. Det er nytta pengar frå næringskontoen, kr. 79 549 til tiltaka.

## 13.4 Kultur og fritid og bibliotek

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>Netto budsjetttramme</b>	4 169 627,43	4 197 000	37 372,57	99,11

### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020

*Kultur og fritid* skal vere synlege i lokalsamfunnet og regionen.

Kultur og fritid skal vere med og bidra til ei heilskapleg, positiv utvikling av Valle kommune ved å:

- setje i verk aktivitetar og tiltak som gir fornøgdde brukarar, og som kan auke trivselen og dermed bidra til positiv folketalsutvikling
- vere aktive og synlege i lokalsamfunnet og regionen
- marknadsføre kommunen på ein positiv og heilskapleg måte

### Kulturskule

Kulturskulen byggjer på eit humanistisk menneskesyn og humanistiske samfunnsverdiar.

- Valle kulturskule skal bidra både til å vidareføre og fornye kulturarva vår
- Kulturskulen skal vere ein faktor som verkar positivt inn på bukvalitet i Valle, synleg i lokalsamfunnet og regionen
- I kulturskulen skal det vere rom både for individualitet og mangfald, spissing og breidde, og tilbodet skal ha høg fagleg og pedagogisk kvalitet
- Gjennom kulturskulen skal elevane få moglegheit til å formidle og oppleve, reflektere og gjere val, og få styrka sin sosiale, estetiske og kulturelle kompetanse
- Kulturskulen skal fremje folkehelse, i eit breitt perspektiv

### Bibliotek

Biblioteket er eit tilbod til alle innbyggjarane i kommunen. • Biblioteket skal fremje kunnskap og demokrati i ein kvardag som bler meir og meir digital. • Biblioteket skal vera ein medspelar for integrering i kommunen. • Fokus på biblioteklova og dei føringane som ligg i den.

### Strategi

#### Kultur og fritid og kulturskule

- tiltak og arrangement som gir den enkelte moglegheit til å oppleve formidlingsglede og meistring, byggjer identitet og skapar fellesskapskjensle, gjerne i samarbeid med andre kommunar og arrangørar
- systematisk evaluering av tiltak, arrangement og opplæring
- eleven skal vere i fokus når det gjeld tilpassing av opplæring
- leggje vekt på informasjon og god kommunikasjon med både elev og foreldre
- personalpolitikk som gjer at tilsette trivast på jobb, lågt sjukefråvær
- bruke kulturskule, ungdomsarbeid, kultur og fritid i marknadsføringa av oppveksttilhøva i Valle kommune, byggje omdømet gjennom positiv omtale lokalt og regionalt
- kortare sesong for symjehallen, men helde oppe i vinterferie og i påska

### Bibliotek

- Eigna lokale for hovudbiblioteket i Valle. Fokus på meirbruk av lokala.
- Meirope bibliotek med sjølvbetening utanom ordinær opningstid.
- Samarbeide med lokale lag og foreiningar
- Godt samarbeide med skular og barnehagar
- Opne opp for debattar og aktivitetar i biblioteka sine lokale

## **Delmål**

### **Bibliotek**

- Gjere klart for at biblioteket kan bli sjølvbetent • Førebu auka aktivitet i dei nye lokala

### **Måleindikator**

#### *Kulturskule*

- at elevane opplever meistring, utvikling og å bli sett, i møte med den enkelte lærar, medelevar og gjennom dei arrangement og tiltak kulturskulen står for
- at opplæringa er best mogeleg tilpassa den enkelte, samtidig som vi legg vekt på samspel, gruppedynamikk og fellesskap
- at kulturskulen blir brukt og oppfatta som eit lokalt kompetanse- og ressurscenter
- at kulturskulen er ein utviklingsorientert og attraktiv arbeidsplass

#### *Bibliotek*

- auka bruk av bibliotek og filial • meir aktivitet • fleire arrangement

### **Måloppnåing**

#### *Kulturskule, kulturdrift og bibliotek*

Ved oppstart av skuleåret var det 1 stillingsheimen i kulturskulen. Stillinga vart fordelt på ein lærar i 85 % stilling og ein lærar i 15 % stilling. Dette var mogeleg fordi vår lærar i 85 % stilling sa ja til å vere 15 % tilsett ved Hylestad skule fom. 01.08.17. Vedkomande såg det som ei spennande utfordring. På dette viset fekk dessutan kulturskulen frigjort ressursar til både å oppretthalde eit visst fagmiljø og til å gi eit visst breiddetilbod. Etter 2.tertial fekk vi tilført 0,10 stillingsheimel. Det var ein liten nedgang i talet på søkjarar hausten 2017, men ikkje vesentleg. 3 søkjarar fekk avslag på søknadene ved skulestart pga. manglande ressursar (hardingfele, kveding, klassisk gitar for vidarekomne), men to av desse fekk seinare, som ei følge av budsjettauke, tilbod om plass. Vi hadde lite fråfall i kulturskulen gjennom året. Ingen av elevane som ha slutta oppgav misnøye med kulturskulen sitt tilbod/undervising som årsak. Lærarane legg opp til individuelt tilpassa opplæring, og i konkrete tilfelle særleg oppfølging. Det er ønskeleg med meir direkte involvering av foreldra, og meir kontakt med dei. Kulturskulen er synlege i lokalsamfunnet. Det var god oppslutning om UKM Bykle og Valle i mars, og evalueringane frå dei involverte positive. Vi opplever det som ei tillitserklæring og ei ære at Valle vart spurde om å vere vertskap for Aust-Agder UKM fylkesfestivalen 2019! Kulturskulen bidrog med kulturinnslag 17.mai, hadde ein vellykka sommarkonsert i juni, og, våre elevar deltok under sentrumsfrukosten i Valle sentrum, juleballa for Valle juniorklubb og Valle ungdomsklubb, adventsmarkering på Setesdalsmuseet og i Valle sentrum, og avslutta året med eigen julekonsert i Storstoga. Det ligg ein stor innsats frå lærarane si side bak all denne aktiviteten. I tillegg har ein av våre lærarar musikkterapi på Valle bygdeheim, noko vi meiner er eit verdifullt tilbod som gir svært positiv effekt, og som vi derfor tilbyr gratis. Kulturskulen arrangerer i tillegg ulike kortkurs i kunst og dans i samarbeid med ungdomsklubben gjennom året, og låner dessutan ut sine korpsinstrument til Veterankorpset.

Det har vore god oppslutning om ungdomsklubben sine aktivitetar. Her viser vi til klubben si eiga årsmelding om sine aktivitetar og arrangement. Det einaste vi vil nemne spesielt er såkalla «opne dagar»/familiedagar vi har arrangert i idrettshallen, som har vore eit svært positivt tiltak. Bygdekinoen satsar bevisst på filmar særleg retta mot barn og ungdom, og hadde også i 2017 gode besøkstal. Familiebadning/fritidssymjning er eit populært tilbod, og at vi har hatt opent ein dag i både vinterferie og haustferie, samt ein og annan fredag gjennom året, er blitt tatt godt imot.

Valle kommune sendte inn heile 9 søknader om spelemidlar, og fekk god utteljing på desse. Prestefossen aktivitetspark vart ferdigstilt hausten 2017. Tiltaket er eit flott supplement til Prestefossen hengebru med tursti. Det fysiske arbeidet med oppgradering av Hylestad soknehus starta i november, og arbeidet er i rute – det same gjeld arbeidet med nytt bibliotek og kyrkjestove, der leiar kultur og fritid er prosjektleiar for innreiing og driftsplan. Det har vore lagt vekt på brukarmedverknad i begge prosjekta.

Bibliotek vart fom 2.tertial 2017 slått saman med eininga Kultur og fritid. Biblioteksjefen har gjennom heile året jobba med å førebu seg til flytting, og delteke aktivt i arbeidet med planlegging av

nytt bibliotek. Biblioteksjefen har brukt året på å rydde i katalogar og i boksamling, og merke bøker. Det har vore eit godt samarbeid med til dømes Folkeuniversitetet, mellom anna i Kulturveka. Elles har det vore to samlingar med Seniornett, Valle sparebank har halde kurs, og det har vore nokre andre mindre arrangement. Valle skule har fått eit godt skulebibliotek, og gir eit godt tilbod til elevane, med hjelp frå folkebiblioteket. Hylestad skule har framleis utfordringar når det gjeld å få skulebiblioteket opp på eit godt nivå. Biblioteksjefen vil halde fram med å gi skulebiblioteka fagleg rettleiing og hjelp også i 2018.

I løpet av 2017 har det vore godt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar og andre eksterne aktørar. Leiar kultur og fritid har delteke i lokale prosjekt-/utviklingsgrupper, og det er etablert fast samarbeid med Kulturveka og Sauesjåmarknaden. Leiar programmerer også Den kulturelle spaserstokken for Valle bygdeheim, og får positive tilbakemeldingar på dette. Også kulturskule og ungdomsklubb samarbeider ofte og gjerne med andre aktørar.

### **Status / resultat**

Eininga hadde positivt resultat i 2017. Dette skuldast delvis ei generell stram økonomisk linje pga. uvisse knytt til budsjett i starten av kalenderåret, samt enkeltfaktorar så som auka billettinntekter i symjehallen, reduksjon i utgifter til lisensar og programvare til biblioteka, noko innsparing på løn m.m. I tillegg vart lønsbudsjettet til kulturskulen oppjustert i løpet av året, og her ser det ut til å vere gjort ei feilføring eller feilpostering, då dette beløpet er høgare enn det skulle vere.

Det var også nokre enkeltvise overforbruk på avdelingane: Under kulturdrift var det budsjettet med for lågt tilskot til Aust-Agder museum og arkiv. Valle ungdomsklubb hadde eit overforbruk som hovudsakleg skuldast at klubben ikkje har eigne aktivitetsmidlar, og heller ikkje fekk overført interne tiltaksmidlar til juleballa, som vi har gjort tidlegare år. På biblioteket var lønsbudsjettet for lågt. I tillegg vart det gjort eit politisk vedtak om ikkje å kjøpe inn bøker i 2017, noko som er i strid med Biblioteklova, og ikkje let seg gjennomføre pga. etablerte innkjøpsavtalar.

### **Trender**

Elevtalet i kulturskulen har halde seg relativt stabilt dei siste par åra, på om lag 40 elevar. Ved siste tertial 2017 vart det budsjettet for 110 % stilling i kulturskulen. Det er nødvendig å ha ressursar til å gi eit tilbod med både breidde og djubde, vi må kunne tilby undervising for både nybyrjarar og vidarekomne, og innføre både rytmisk musikk og folkemusikk. Det er dessutan viktig å ha eit visst fagmiljø og eit kollegium. Valle kulturskule kan då driftast i tråd med «Rammeplan for kulturskolen».

Per i dag er ungdomsklubben avhengig av eksterne tilskot for å drive med aktivitetar utanom ordinær klubbdrift, og vi er svært takksame for pengegaver frå Valle sparebank. Alle aktivitetar og arrangement utanom ordinær klubbdrift må finansierast eksternt, noko som både er arbeidskrevjande og gjer det utfordrande å lage langsiktige planar. Det er ønskeleg og nødvendig å få tilført eigne aktivitetsmidlar til drift av junior- og ungdomsklubben, då dette jo nettopp skal vere **aktivitetstilbod**. Vi ser at arrangementa vi har er viktige for barn, ungdomar og familiar, og at dei samlar mange.

Når det gjeld «Den kulturelle spaserstokken» er dette ei tiltak som er eksternt finansiert, og som skal halde høg kunstnarleg kvalitet. Sjå elles eiga årsmelding for Den kulturelle spaserstokken 2017, der det går fram at ulike forhold gjer at aktiviteten må nedskaleras dersom vi ikkje legg eigne midlar i tiltaket.

Bygdekinoen i Valle har generelt gode publikumstal, og har dei siste åra hatt betre oppslutning i Valle i forhold til folketalet enn dei fleste andre kommunane i Aust-Agder. Også oppslutninga om familiebadning har auka, og vi vil derfor halde fram med tilbod knytt til helger/feriar. Fritidssymjing er eit lågterskeltilbod og såleis eit godt folkehelseiltak.

I dag er biblioteka på veg frå å gå frå å vere ein stad for bøker til å vere ein stad for menneskje. Biblioteklova slår fast at folkebiblioteka skal vera eit lågterskeltilbod, ein møteplass og arena for samfunnsdebatt. Biblioteksjefen har derfor som viktig arbeidsoppgåve å initiere og fasilitere diskusjonar og temamøte på biblioteket. Biblioteket skal naturlegvis framleis huse bøker, men med transport mellom biblioteka, og ikkje minst til og frå Nasjonalbiblioteket, er det ikkje lenger naudsynt å ha like mange bøker på staden. Dette gjer at ein kan skape rom for fleire aktivitetar.

Det er fokus på folkehelse i alle tiltak og aktivitetar Kultur og fritid og bibliotek gjennomfører, og vi er opptekne av at arrangement og aktivitetar skal vere lågterskeltilbod. Medarbeidarane har ei positiv og open haldning til samarbeid med frivillige lag og organisasjonar, skular, nabokommunar og andre.

### **Sjukefråvær**

2,31 %.

### **Great place to work**

Eininga har ikkje fått eigne resultat frå GPTW. Det er derfor vanskeleg å vite kva ein konkret skal gripe fatt i av resultatata frå undersøkinga. Det er utfordrande å få samla dei tilsette i eininga på felles personalmøte, pga. mange deltidsstillingar og ulike arbeidstider, men vi kommuniserer mykje og ofte via e-post og Messenger. Arbeidsmiljøet blir oppfatta som opent og inkluderande, og arbeidsoppgåvene spennande og varierte.

## **13.5 Personal**

	<b>Forbruk i kroner</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>	<b>Forbruk i %</b>
<b>Netto budsjettramme</b>	1 723 027,84	1 754 000	30 927,16	98,23

### **Status**

Ny fagansvarleg personal tiltrådte i stillinga 01.03.2017. Fagansvarleg personal har frå 16.10.2017 vore konstituert inn i delar av stillinga som leiar økonomi. Konstituering gjeld personalansvaret for økonomi avdeling.

I forbindelse med inngåing av kontrakt med Lund Bedrifhelseteneste vart det bestemt å gjennomføre medarbeidarundersøkinga Great place to work, og formalisere sjukefråværsoppfølginga ved å ta i bruk «møteplassen» som ein arena for oppfølging av sjukemeldte, og medarbeidarar som står i fare for sjukefråvær.

Det har vorte utdelt kommunalt utdanningsstipend til elevar som står i Valle folkeregister, og som tek utdanning på heiltid. Det vart utdelt 404 125,- kr i stipend for skuleåret 2016/2017 til totalt 46 elevar.

### **Sjukefråvær**

0%

### **Møteplassen**

Valle kommune har etablert ein fast møteplass for oppfølging av tilsette med redusert funksjonsevne og /eller sjukefråvær. Fagansvarleg personal, NAV og Lund bedriftshelseteneste er faste medlemmar. Leiar har ansvar for innkalling og oppfølging av eigne tilsette. Sjukemeldar/behandlar kan innkallast ved behov. Målet med tiltaket er å auke nærværet og redusere fråværet.

Valle kommune skal ha fast møte i møteplassen ein gong pr. måned med inntil tre sakar i kvart møte. I 2017 har det vore arrangert fem møter med totalt ni sakar fordelt på desse fem møta.

### **Great place to work**

Medarbeidarundersøkinga Great place to work (GPTW) vart gjennomført fyrste gong i mai 2017. Svarprosenten enda på 69%. Resultata frå undersøkinga vart gjennomgått med leiarar, tillitsvalte og verneombod i august. Resultata viser stor spreing mellom einingane, der barnehage og skule skil seg ut med gode resultat. Valle og Hylestad skule oppnådde ein score som gav dei sertifisering, ein anerkjennelse som kjennetegner gode arbeidsplassar. Eit viktig arbeid som er starta i einingane i etterkant av undersøkinga er arbeid med tiltak for å betre arbeidsmiljøet. GPTW skal gjennomførast årleg, og på denne måten vil vi sjå om dei tiltaka som er satt i verk, har hatt innverknad på arbeidsmiljøet i kommunen.

### **Velferdstiltak**

- Bedriftsleilegheita i Kristiansand er eit svært positivt tiltak, og den er mykje nytta.
- Det er høve til å trimme i arbeidstida for alle tilsette med ein time i veka.
- Det har vore skipa til jolebord for alle tilsette.

- Det var 7 tilsette 25-årsjubilarer i 2017 (gullklokke/gåvekort)

## 13.6 Økonomiavdelinga, fellestjenester og Kyrkja/trussamfunn

Avdeling	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>3300 Økonomiavd</b>	3 760 865	3 649 000	-233 942	103,06%
<b>3310 Div.fellesutg</b>	1 392 548	3 831 000	2 438 452	36,34%
<b>3350</b>	2 644 199	2 011 000	-633 199	131,48%
<b>Kyrkjer/trussamfunn</b>				

### Organisasjon

Det har vore gjennomført rekrutteringsprosess for ny leiar økonomi. Ny leiar for økonomi slutta i prøvetida (oktober -17). Konstituert leiar vart henta internt frå organisasjonen.

### Økonomi

Mål frå økonomiplan: Opprettehalde god oppfølging av avdelingane.

Resultatmåling: Det har vore auka kostnader knytt til skifte av leiar økonomi. Budsjettet for diverse fellesutgifter og fellesinntekter er ikkje fordelt.

Tilskot til kyrkjeleg fellesråd og andre trussamfunn er høgt på grunn av intern føring av drift av gravlundar. Auka utgift på ansvar 3350 gir redusert utgift på ansvar 5773 teknisk.

### Driftsprosjekt

Status: I 2017 fekk vi ein app knytt mot godkjenning i Agresso web. I tillegg er vi i startgropa med bruk av Vipps som betalingsmiddel.

Den største utfordringa i 2017 har vore at avdelinga ikkje har fått på plass ny fast leiar. Grunna konstituering av leiar økonomi internt, har vi fått inn ein vikar på avdelinga i 80%.

Avdelinga ber preg av eit høgt arbeidspress og at vi ikkje har fast leiar på plass.

Det er fast avtale med Evje og Hornnes kommune om kjøp av skatteoppkrevjartenester. Det er eit felles skatteoppkrevjarkontor for Evje og Hornnes, Bykle, Valle og Bygland lokalisert på Evje. Tenesta blir godt tatt hand om på Evje. Arbeidsgjevarkontrollen vert utført av Arendal Kommune.

### Utvikling

Vidare utvikling av datasystem; oppgradering til Milestone er gjennomført i 2016 og implementert i 2017. Opprettehalde god oppfølging av avdelingane er ei målsetting frametter.

### Sjukefråver

Økonomiavdelinga hadde eit sjukefråver på 0,82% i 2017.

### Great place to work

Det vart gjennomført ei medarbeidarundersøking våren 2017. Økonomiavdelinga hadde ikkje nok respondentar til å få resultat på avdelingsnivå.



## 13.7 Velkomstsenter

	Forbruk i kroner	Budsjett	Forbruk i %
<b>Netto budsjettramme</b>	3 286 859	3 226 000	101,89

### Økonomi

Velkomstsenteret har eit marginalt overforbruk. Dette skuldast mellom anna at vi ikkje har fått betaling for det arbeidet vi har utført for Setesdal Regionråd i perioden oktober – desember i tide og det har ikkje kome med i rekneskapan for 2017. I tillegg er det framleis for mykje brevpost som blir sendt og portoen held seg på eit alt for høgt nivå.

### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 - 2020

- vi skal være serviceorientert med brukarane i fokus

### Strategi

- vi skal ha kompetente og dyktige tilsette med initiativ og medverknad
- vi skal nytte LEAN-konseptet i alle arbeidsprosessar
- vi skal digitalisere meir
- vi skal samarbeide med andre kommunar

### Delmål

- vi skal ha lite kø og raske svar på sentralbordet
- Vi skal hjelpe besøkande på best mogleg måte. Alle skal få eit svar.
- vi skal syte for at innkalling til politiske utval vert sendt ut i tide.
- vi skal sende ut korrekte faktura innan tidsfrister

### Måleindikator

- telefonisystem med statistikk
- vurdere spørjeundersøking blant brukarar eksternt og internt
- føre statistikk på antal klager

### Måloppnåing

- Statistikk telefoni:

Jan-april 2017	Telefonar inn:	Besvart:	Gj.snitt svar%
Sentralbord	2444	1744	71
mai-august 2017	Telefonar inn:	Besvart:	Gj.snitt svar%
Sentralbord	3765	1602	56
Sept-des 2017	Telefonar inn:	Besvart:	Gj.snitt svar%
Sentralbord	3502	2119	62

Sentralbordet har framleis opningstid frå 9-14, og publikum har fått beskjed om å ringe direkte til sakshandsamar utanom opningstida. Dette fører til reduksjon i talet på telefonar via sentralbordet. Frå sommaren 2017 har vi også vore turistinformasjon. Vi har som regel at vi prioritert kundar som kjem personleg framfor dei som ringer.

- Alle besøkande får eit svar, og kan ikkje vi hjelpe dei finn vi nokon som kan.
- Politiske saker går i regelen ut i rett tid. Unntaka er i tilfeller der sakshandsamar får ei haste sak, eller at ein mangler noko dokumentasjon før saka kan ferdigstillast. Det kan føre til forseinking av utsending.
- Faktura vert stort sett sendt ut i tide. Vi har også moglegheit for å sende faktura til digital postkasse.
- Portobudsjettet for 2017 er på kr. 70 000,- medan forbruket pr. 31.12 er på heile 137 914,-

Utsending av bygdenytt kostar ca. 24 000,- pr. år og går under konto for porto noko som gjer at totalforbruket vert høgt. I 2018 er det bestemt å ikkje sende ut bygdenytt til alle husstander og vi vil med dette få ned forbruket på porto. Vi får heller ikkje sendt ut så mykje digital post som vi ynskjer. Dette skuldast både manglande bruk internt av digital forsendelse og innbyggjarar som ikkje har oppretta digital postkasse. Vi har hatt ein kampanje for å få folk meir digitale og det kan sjå ut som det har hatt effekt. Sjølv om vi sender mykje digitalt har også det ein kostnad på ca 1,80 kr pr. utsendte brev mellom 0 og 0,1 MB frå posten. I samband med vegadressering i Brokkeområdet er det sendt ut mykje vedtak og det er blitt ein del portokostnader i høve dette.

### Status

- Leiar har vore sjukmeldt ei tid og det har blitt nytta tilkallingsvikar. Dei tilsette i avdelinga har gjort ein framifrå jobb i dette fråveret.
- Vi har tilsett 80% fast i sentralbordet som tek telefonen i opningstida noko som gjer at vi andre i avdelinga får tid til å gjere fleire oppgåver tilfredsstillande.
- Vi skal sende alle brev digitalt via sakshandsamarsystemet slik at mottakarar får det via digital postkasse eller Altinn. Unntaka er kontrakter og anna dokument som krev fysisk signatur.
- Vi skal bli betre på kommunikasjon og informasjon både internt og eksternt.

### Trender

Vi bør ha infokiosk i resepsjonen

Meir må bli digitalisert, og meir tilgjengeleg til alle tider.

Vi ser for oss å køyre meir samarbeid med dei andre setesdalskommunane.

### Sjukefråver

5,26

### Great place to work

Velkomst har for få tilsette i avdelinga til å kunne få noko eige resultat for vidare arbeid.

## 13.8 Oppvekst

### Skular

Dette året blei ny § 9a i opplæringslova: «Elevane sitt skolemiljø» iverksett frå 1. august. Skulane har deltatt på opplæring i regi av «Nettverk Setesdal skole» i høve lovendringa, og der har lokalt blitt utført eit stort arbeid på baa skulane i høve det å implementere det nye lovverket som omfattar både foreldre, elevar og skulen som institusjon. Det har også blitt arbeidd grundig med det 13-årige skuleløpet og overgangen til vidaregåande skule med tanke på å redusere frafall i vidaregåande skule. «Nettverk Setesdal skole» har initiert og tilrettelagt for samlingar/fagnettverk for ungdomsskulen/vgs. Vidare har baa skular frå hausten 2017 initiert og igongsett modulbasert/nettbasert kompetanseheving for pedagogisk personale i høve å auke kompetansen i «Vurderingsforskrifta» - Vurdering for læring.

Kommunen har i budsjettet lagt til rette for at opptil 2 lærarar årleg kan få innvilga vidareutdanning. 1 lærar ved Valle skule har påbegynt vidareutdanning i matematikk dette skuleåret med planlagt fullføring våren 2018. Rektorane ved baa skulane har også påbegynt vidareutdanning på Rektorskulen denne hausten.

Ved baa skular har Fylkesmannen hatt tilsyn med «Skolens arbeid med elevane sitt utbytte av opplæringa» og «Forvaltningskompetanse.»

Administrasjonen ved vaksenopplæringa har i løpet at året blitt omfordelt. Vaksenopplæringa er no ei avdeling administrert av rektor/Valle skule. Lokala til vaksenopplæringa er framleis i Valle sentrum/gamle herradshuset.

Elevtalet i grunnskulen, om ein ser begge skulane under eitt, har ein trend som peikar noko nedover. Siste året har nedgangen vore på 5,3 %. Sidan 2014 har nedgangen vore 7,1 %.

Talgrunnlaget er henta frå GSI/statleg rapporteringsportal og målinga er årleg pr. 1. oktober.

Årstal	2014	2015	2016	2017
Elevar	154	152	151	143

## Barnehagar

Ny forskrift til Barnehagelova trådte i kraft 1.august. «Forskrift om rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver.» (rammeplanen) Båe barnehagane har arbeidd med å implementere den nye forskrifta, då denne har stor innverknad både på årsplanen og sjølvstøtt også på den daglege drifta. «Nettverk Setesdal barnehage» har initiert og organisert kompetanseheving for alle tilsette i barnehagane i høve ny forskrift. Det er eit stort arbeid som har blitt satt i gong ute på kvar barnehage, og ein må pårekne at arbeidet vil ta tid og at ein må foreta justeringar undervegs.

Bravo-prosjektet (Bravo-leiken) har blitt vidareført i båe barnhagar i samarbeid med Bykle kommune. Prosjektet som har blitt vidareført i dei to kommunane, har fått kr 135.000 i stønad frå Valle sparebank. Agder-prosjektet, der Valle barnehage har vore pilotbarnehage, har blitt avslutta som prosjekt. Metodikk og pedagogikk har frå hausten likevel også blitt implementert Hylestad barnehage, i tillegg til å halde fram i Valle barnehage. . Prosjektet har blant anna hatt som formål å «forske på hvorvidt et førskoleopplegg som gir barna økt stimulering innen områdene sosiale ferdigheter, selvregulering, språk og matematikk, kan bidra til at barn i større grad har samme læringsgrunnlag ved skolestart, og dermed likere muligheter for å lykkes i utdanningsløpet og arbeidslivet.» Prosjektet har vore ein stor bidragsytar i høve arbeidet i barnehagane i høve sosial utjamning og tidleg innsats.

Barnetalet i barnehagane i Valle, om ein ser begge barnehagane under eitt, har ein trend som peikar noko nedover. Sidan 2014 har barnetalet gått ned frå 52 til 47 i 2017, ein nedgang på 9,6 %. Siste året har det vore ein liten oppgang frå 45 -47 barn, dvs. 4,4 %. Tala er henta frå BASIL/statleg rapporteringsportal, og målinga er pr. 1. desember kvart år.

Barnegrupper	2014	2015	2016	2017
Antal barn totalt (0-6 år)	52	43	45	47
Antal barn 1-5 år	52	43	45	46
Antal barn 3-5 år	38	31	33	29
Antal barn 1-2 år	14	12	12	17

## 13.9 Valle skule

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>Netto budsjetttramme</b>	14 393 753,01	15 213 000,00	8 192 46,00	94,61

### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020.

- Kommunane skal vere ein aktiv skuleeigar med fokus på det 13-årige skuleløpet.
- Grunnskulepoeng; behalde noverande nivå der Valle ligg over nasjonalt gjennomsnitt og er best i Aust Agder.
- Gjennomføre vidaregåande opplæring: 100 %.
- Mobbing: nullvisjon

### Strategi

- Fokus på læringsresultat-vurdering for læring (VFL)
- Fokus på læringsmiljø- ungdomstrinn i utvikling (UIU)
- Fokus på ressursbruk- gruppestorleik i ordinær undervisning.
- Fokus på tilpassa opplæring (TPO)/ spesialundervisning.
- Fokus på overgangane barnehage – barneskule – ungdomskule og vidaregåande skule.
- Førebygge mobbing og sikre eit godt miljø.

### Delmål

#### Grunnleggjande ferdigheiter:

Elevane ved Valle skule skal ha gode grunnleggjande ferdigheiter og alle lærarar skal vere gode lese- og skrivelærarar.

#### God skule- tidleg innsats:

Valle skule skal ha gode rutinar for overgang barnehage- skule og vektleggje tidleg intervensjon dersom eleven har ein forventet læringsutvikling.

#### Vurdering for læring::

Valle skule skal ha felles vurderingskompetanse som fremjar læring.

#### Læringsmiljø:

Valle skule skal ha eit godt og inkluderande læringsmiljø for elevane og ha nulltoleranse mot mobbing. Skulen har felles verdigrunnlag og

#### Arbeidsmiljø:

Valle skule skal ha eit trygt og godt arbeidsmiljø, med tydeleg leiing, involvering av alle tilsette, felles ansvar og stoltheit over arbeidsplassen.

#### Måleindikator

Elevundersøkinga 2017.(årleg)- Ståstedsanalysen 2017-(kvart 3 år)- Nasjonale prøver og kartlegging 2017( årleg)- Great Place to Work- 2017.(årleg)

#### Måloppnåing og resultat:

Elevundersøkinga 2017		
Skalaforklaring: 1-5: høg verdi betyr positivt resultat. Beste gjennomsnittsverdi er 5.		
	mellomtrinnet	ungdomstrinnet
Trivsel på skulen	4,6	3,9
Vurdering for læring	4,3	4,2
Støtte frå lærarane	4,5	4,4

Læringskultur	4,3	3,7
Motivasjon	4,1	3,2
<b>Mobbing</b>		
Skala 1-100: indikatoren syne prosentandelen elevar som opplever mobbing 2-3 gonger pr mnd. Beste resultat er ein andel på 0		
	Nasjonalt	Aust Agder
Er du blitt mobba på skulen 2-3 gonger pr mnd den siste tida	6,6 %	8,2 %
		Valle skule
		Unntatt off grunna elevtal

## Nasjonale prøver

Valle skule

5.trinn	2016-2017	2017-2018
Engelsk	51	50
Lesing	47	47
Regning	43	49
8 trinn	2016-2017	2017-2018
Engelsk	50	47
Lesing	51	48
Regning	48	49
9.trinn	2016-2017	2017-2018
Lesing	49	54
Regning	56	56

## Skoleporten - Grunnskolepoeng

Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2012-2013	2013-2014	2014-2015	2015-2016	2016-2017
Grunnskolepoeng, gjennomsnitt- Valle skule	42,8	43,6	45,6	41,6	38,9
Grunnskolepoeng, gjennomsnitt - Aust Agder	39,4	39,8	40,6	40,6	41,3
Grunnskolepoeng, gjennomsnitt - Nasjonalt	40,1	40,4	40,8	41,2	41,4

### Status

Valle skule arbeidar systematisk med læringsmiljø og oppfølging av læringsresultat med aktivt å bruke lærande møter og nettverk. Skulen er deltakar i 4 fagnettverk(norsk, engelsk, matematikk og naturfag) ungdoms- og vidaregåande skule, i tillegg til rektornettverk. Skulen start opp med skulebasert kompetanseheving med fokus på vurdering for læring og er deltakarar i eit nettbasert kompetansehevingsprogram i samarbeid med Høgskulen i Innlandet. I dette arbeidet har det vore fokus på mål for opplæringa og involvering av elevar i eige læringsarbeid.

Skulen har eit systematisk og godt skule- heim samarbeid, eit systematisk arbeid i elevråd og FAU.

### Trender

I analysane av læringsresultata ser ein at resultata er gjennomgåande under gjennomsnittet i lesing, men ser ein på resultata på ungdomstrinnet aukar lesing og rekning frå 8 til 9 trinn i same klasse.

Elevane på ungdomstrinnet er mindre motivert for skulearbeidet framfor mellomtrinnet.

Skulen har gjennom året hatt 30 % minoritetspråklege elevar frå 1 tom 10 trinn.

### Sjukefråver

**Totalt:** 4,97

**Kortid:** 2,10

**Langtid:** 2,87.

### Great place to work

Valle skule hadde høg score på alle verdiar og blei sertifisert som Great Place to Work - 2017. Det er vi veldig stolte av og tar med oss vidare inn i 2018. Skulen har arbeid med involvering, lærande organisasjon og lærande møter.

## 13.10 Hylestad skule

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>Netto budsjettramme</b>	7 037 350	7 521 000	483 650	93,57

## **Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020**

- Kommunen skal vere ein aktiv skuleeigar med fokus på det 13-årige skuleløpet
- Grunnskulepoeng: Behalde noverande nivå, der Valle ligg over nasjonalt gjennomsnitt og er best i Aust-Agder
- Gjennomføre vidaregåande opplæring: 100 %
- Mobbing: Nullvisjon

## **Strategi**

- Fokus på læringsresultat – Vurdering for læring (VFL)
- Fokus på læringsmiljø – ungdomstrinn i utvikling
- Fokus på ressursbruk – gruppestorleik i ordinær undervisning
- Fokus på tilpassa opplæring (TPO)/spesialundervisning
- Fokus på overgangane barnehage-barneskule- ungdomsskule og vidaregåande skule

## **Delmål**

- Alle elevar føler tryggleik, trivsel og mestring kvar dag på skulen
- Skulekvardagen er prega av gode, effektive og felles rutinar for personalet og for elevane
- Vi har på plass timeplanar, arbeidsplanar og felles lokale læreplanar
- Vi har gode og effektive rutinar på oppfølging av mobbesakar
- Personalet er trygge på- og brukar varierte arbeids- og undervisningsmetodar med fokus på elevaktiv læring
- Resultata på kartleggingsprøver og nasjonale prøver ligg til grunn for korleis undervisninga vert gjennomført

## **Måleindikator**

- Undersøkingar visar ein høg trivselsfaktor blant elevar og personalet
- Personalet er på stadig søken etter eigen utvikling og ser nytten av å arbeide i team
- Vi ligg på nasjonalt nivå på nasjonale prøver

## **Måloppnåing**

Hausten 2017 la me ned eit stort arbeid med å utarbeide lokale årsplanar i alle fag, samt rulleringsplanar for to-tre-og fire år for enkelte fag.

Hylestad skule er ein liten skule. Nokre av resultata frå nasjonale prøver og frå elevundersøkinga er unnateke offentlegheita grunna liten elevmasse der ein ikkje skal kunne kjenne att elevane i ettertid. Elevundersøkinga viser blant anna at elevane trivast godt på skulen og trivselen har i 2016 og 2017 vore svært god samanlikna med åra føre. På nasjonale prøver har skulen dei siste åra vore under nasjonalt gjennomsnitt. Resultat frå kartleggingsprøver i 2016 førte til at skulen hadde auka fokus på IKT i opplæringa i 2017, og det har gitt betring i resultat på kartleggingsprøva. Skulen har innført nye rutinar og ordensreglar i samband ny § 9A i opplæringsloven.

## **Status / resultat**

Pedagogisk personale starta hausten 2017 opp med modulbasert opplæring i «Vurdering for læring» i regi av Høgskulen på Lillehammer. Dette har ført til meir variert praksis i klasserommet. Skulen fekk i 2017 statlige midler til tidleg innsats. Desse midlane har utelukka gått til tett oppfølging av elevar på 1.-4.trinn for å forbygge behov for spesialundervisning seinare i skuleløpet. Skulen vidareførte i 2017 praksis med overgangsmøter med barnehagen i samband med overgangen barnehage-barneskule og med Valle skule i samband med overgangen mellom barneskule-ungdomsskule. På våren var dei eldste elevane i barnehagen på fem treff på skulen i tillegg til førskuledagen. Elevane i 7.klasse var på besøk på Valle skule. Helsesøster hadde jentegruppe med jentene frå begge skulane. Elevane frå Valle og Hylestad reiste på leirskule saman på våren.

Hovedårsaken til at me ikkje har nytta heile budsjettet i 2017, er at skulen hadde ein større andel av ufaglærte våren -17 og at rektor hadde mykje undervisning.

### **Trender**

Elevtalet på Hylestad skule gjekk noko ned i løpet av 2017.

Skulens administrasjonsressurs er på 70 %. Det er i stor grad dei same administrasjonsoppgåvene som lyt gjerast uavhengig av kor stort elevtal skulen har. Dei administrative oppgåvene tykkjest ikkje bli mindre, heller fleire.

Skulen har auka andelen av faglærte lærarar i løpet av 2017.

### **Sjukefråvær**

Fråvær	Korttidsfråvær	Lantidsfråvær
7,71%	1,48%	6,23%

### **Great place to work**

Hylestad skule blei våren 2017 sertifisert som Great Place To Work. Skulen lå godt over grensa på 70 % på alle hovedkategorier. Etter undersøkinga gjekk me igjennom resultatet med heile personalet. Me valgte ut tre punkt, informasjonsflyt, feiring og effektivisering, som me ville ha spesielt fokus på skuleåret 2017/2018.

### 13.11 Valle og Hylestad barnehager

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>Netto budsjetttramme</b>	6 190 261,10	5 428 000	-762 261,10	114,04

#### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020-

- Barnehageplass som gjev kvalifisert tilbod til alle
- Barnehagen skal bidra til sosial utjammig

#### Strategi

- Ha pedagogisk leiarar med godkjent utdanning
- Ha grupper med 2 pedagogar og ein fagarbeidar
- Arbeide for å tilsette menn i barnehagen
- Fokus på språk- og talforståing

#### Delmål

- Videreføre Agderprosjektet i både barehagane. Målet er å bidra til at barn har likare og bedre læringsgrunnlag ved skulestart
- Videreføre «Barn som bekymrer»-prosjek, med fokus på tidleg intervensjon.
- Arbeide med å forebyggje lese- og skrivevansker ved å bruke vertøyet Bravo-leiken.
- Lage ein Mal for korleis me arbeidar og tek imot nye minoritetspråklege barn i barnehagen

#### Måleindikator

- Barnehageopptak
- Foreldresamtalar
- Personalmøter og medarbeidarsamtalar

#### Måloppnåing

- Agderprosjektet er ein del av det ordinære førskuletilbudet i begge barnehagane. Oppfølging og vidare kartlegging av dei barna som var med i pilotprosjektet blir gjort på skulen.
- Gjennomførte foreldresamtalar for alle. God tilbakemelding.
- Bravo-leiken blir gjennomført 3 mnd haust og 3 mnd vår i begge barnehagane
- 100% barnehagedekning
- Har utarbeidd ein Plan for minoritetspråklege barn i Valle barnehage

#### Status / resultat

Barnetalet pr august 2017 i **Hylestad barneahage** var 15 barn (21plasser) I løpet av vinteren begynte Det å ha ein løpande inntaksprosess gjennom heile året, utanom hovudopptaket i mars, kan vere utfordrande i høve bemanning. Dette året har der vore opptak av barn utanom hovudopptak som krevde nytilsetjingar i det å ha ei forsvarleg bemanning. Det har vist seg at det er krevjande å tilsetje naudsynt personal midt i barnehageåret.

På grunn av noverande busetjing av flyktningar har det vore Valle barnehage som har tatt i mot barna til desse når dei har meldt sin ankomst til Valle kommune. Valle barnehage har i 2017 hatt opp til 50 % andel av minioritetspråklege barn. Dette byr på utfordringar både i høve kommunikasjon med heimane og barna seg i mellom. Barnehagen har hatt ei 40 % stilling med to-språkleg assistent, men ein ser at behovet er stort og at det kan vere naudsynt å auke denne ressursen i 2018.

Styrrar vart tilsett 1. august, men pga sjukdom var det naudsynt å konstituere ny styrrar frå 23.oktober.



Den nasjonale ordninga med at foreldre med relativ låg bruttoinntekt kan søkje om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid for 3.,4. og 5 åringer har i 2017 blitt nytta av fleire heimar. Ein ser denne innretninga har slik verknad den er tenkt å ha, nemleg å bidra til sosial utjamning og det å få fleire til å gå i barnehage.

Ein del av meirforbruket gjeld lønnsforhandlingar for 2017 som ikkje er ført over til barnehagane og at ein måtte utvide ei stilling i Hylestad barnehage grunna auka barnetal.

#### Trender

Ein ser at det er ein auke i heimar som søker om redusert foreldrebetaling og gratis kjernetid.

#### Sjukefråver

Totalt: 5,84%

Kortid: 2,25%

Langtid: 3,59%

#### Great place to work

Valle og Hylestad barnahage hadde høg score på alle verdiar. Det er eit godt arbeidsmiljø i barnehagane.

### 13.12 Vaksenopplæring

Netto budsjetttramme	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>5150</b>	200 373,52	232 000,00	31 626,48	86,37
<b>5151</b>	1 452 457,65	1 750 000,00	297 542,35	83,00

#### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020

Valle kommune har fatta vedtak i tråd med IMDI si oppmoding.

Setje flyktingane i stand til å leve av eiga inntekt.

#### Strategi

Utarbeide realistisk individuell kvalifiseringsplan og gjennomføre denne.

#### Delmål

Kommunen gjev slik teneste til den som har slik rett og eller plikt etter gjeldande lovverk.

#### Norsk og samfunnskunnskap som ein del av introduksjonsprogrammet:-

- Elevane fullfører norsk på nivå A2.

#### Grunnskule for vaksne- 2 årig løp:

- Elevane gjennomfører grunnskulen på 2 år med standpunkt og eksamen etter opplæringslov §4a.

#### Måleindikator

- Norsk prøve, nivå A2 og samfunnskunnskapsprøva
- Standpunkt i 5 fag samt eksamen i munnleg og skriftleg.
- Tildelt studieplass i VGS

#### Måloppnåing

Nivå- eksamen/prøve	Lytte	Lese	Skrive	Munnleg
<b>A 1- (basisbrukar)</b> Deltakaren kan forstå og bruke kjende, daglegdagse uttrykk og særse enkle utsegn om seg sjølv og nære relasjonar. Kan delta i rutineprega samtalar på ein enkel måte	21,5%	0%	0 %	0%
<b>A2 – (basisbrukar)</b> kan forstå svært enkelt dagleg språk/om seg sjølv, familie omgjevnad og arbeid	71,5%	29%	62,5%	62,5%
<b>B1- (sjølvstendig brukar)</b> kan forstå klare og enkle framstillingar relatert til kjende emne frå arbeid, skule, heim og fritid og kan uttrykkje seg enkelt og samanhengande om kjende emne og emne av personleg interesse.	0 %	29%	37,5 %	28,1%

<b>B2- (sjølvstendig brukar)</b> Deltakaren kan forstå komplekse framstillingar, og fagleg drøfte innafor eige fagområde og uttrykkje seg klar og nyansert om eit vidt spekter av emne.	7,0%	42%	0%	0%
<b>Samfunnskunnskapsprøva</b>	100 % bestått			

#### Status / resultat:

Ein ser at det er eit stort fageleg avvik frå måla om A2 i norsk for å gå direkte til grunnskule for vaksne som deltakar på eit 2 årig løp.

Undervisninga på grunnskule for vaksne fylgjer skuleruta for grunnskulen. Det er eit komprimert tilbod om å fullføre grunnskule for vaksne på 2 år. Skulen har definert år 1 med kompetansemåla til 7 trinn og år 2 med kompetansemål for 10 trinn. Alle deltakaren på år 2 mål få standpunkt- og eksamenskarakter for å få eit fullverdig vitnemål.

Skulelokalane er ikkje tilfredstillande for deltakarar eller tilsette. Det er mangel på fasilitetar som spesialrom/naturfag laboratoria, møte- og grupperom samt arbeidsplass for tilsette. Administrasjonen har ikkje høve til å ha kontor plass i noverande bygning og då blir god pedagogisk drift ei utfordring.

#### Trender

Deltakarane på vaksenopplæringa er hovudsakeleg minoritets språklege vaksne. Valle kommune er ikkje oppmoda om å ta imot fleire flykningar i 2018 (IMDI ihht. folketal i kommunen) Skulen har 10 elevar som går ut av år 2 våren 2018. Desse deltakarane flytter frå Valle kommune for å delta i vidaregåande opplæring.

Det er ei utfordring å gje analfabetar ei forsvarleg opplæring innafor gitte økonomiske rammer. Alfabetiseringsmodulen krev at skulen set i gong eit opplæringstilbod i tillegg til norskopplæringa.

#### Sjuefråver

	Totalt	Kortids	Langtids
<b>5150- vaksenopplæring</b>	0,18	0,18	0,0
<b>5151- flyktning</b>	3,4	0,63	2,77

#### Great place to work

Vaksenopplæringa sine resultat går inn i overordna resultat for kommunen.

### 13.13 Helsetenesta i Bykle og Valle

Netto budsjettramme	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
	10 504 507,64	10 503 732,00	-775,64	100,1

#### Formål/innhald/lovgrunnlag i/for tenesta.

Helse har ansvaret for å gi alle personar som oppheld seg i kommunen eit nødvendig og fagleg forsvarleg helsetilbod. Tenesteininga omfattar tenesteområda fastlege, legevakt, kommuneoverlege, fysioterapi, jordmor, helsestasjon/skulehelseteneste, SLT og psykisk helse og rus.

Det var i 2017 i alt 21,6 stillingar i Helsetenesta i Bykle og Valle.

Lovgrunnlag for tenestene er Helse- og omsorgstenesteloven, Folkehelseloven, Pasientrettsloven, Helsepersonelloven, Smittevernloven, Forskrift om kommunane sitt helsefremjande og førebyggjande arbeid i helsestasjons- og skulehelsetenesta, Forskrift om miljøretta helsevern og ein rekke andre lovar og føresegner.

## **Måloppnåing i året i forhold til verksemdsplan for tenesteeininga:**

**Generelt:** Eininga skal yte tenester og tilbod med høg kvalitet, i samsvar med lov og forskrift og fagleg forsvarleg praksis til dei som til ein kvar tid oppheld seg i kommunane Bykle og Valle.

**Samfunn og utvikling:** Eininga har kompetanse og yter tenester og tilbod som er av stor viktighet for individet, samfunnet som heilskap og kommunen som samla tenestyter. Det jobbast derfor kontinuerlig for å sikre kvalitet og tilgjengelegheit i tenestene for den einskilde brukar, for å styrke beredskapsfunksjonen i samfunnet og for å bidra med faglege vurderingar og tilrådingar i kommunale utviklingsprosessar.

Eininga er utviklingsdrevet og styres etter både lokale og nasjonale krav og målsettingar. Samarbeidet og prosessane mellom kommunane og mellom kommunane og helseføretaket vert stadig meir omfattande og viktige. Eininga har prioritert ressursar til å delta i utviklingsprosessar kor framtidens ansvars- og oppgåvefordeling mellom kommunen og helseføretaket vert definert. Dette av di ein meiner det er viktig å løfte fram dei behova som er særigne for ein liten kommune, som er plassert geografisk langt vekk frå spesialisthelsetenestas tenester og tilbod. Prosjektet: Innovativ oppgaveoverføring mellom Medisinsk avdeling SSK, Kristiansand og Bykle og Valle kommunar, vart etablert i 2017 og effektmålet med prosjektet er: *Medisinsk avdeling SSHF Kristiansand og Bykle og Valle kommuner skal lede utviklingen av innovative og bærekraftige løysningar på framtidens oppgavefordeling mellom helseføretakene og kommunene innen de indremedisinske fagområder.*

**Tenestekvalitet for brukarane:** Ei helseteneste med god kvalitet krevjar kompetent fagpersonell, fleksibilitet, tverrfagleg samarbeid, individuell tenestetilpassing og god kapasitet og tilgjengelegheit i tenestetilbodet.

For å kunne utvikle kvaliteten i tenestene er det avgjerande med dialog med dei som brukar tenestene. Eininga søkjar derfor aktivt vurderingar og tilbakemeldingar frå brukarane som eit ledd i kvalitetsarbeidet. Psykisk helse og rustenesta starta å bruke FIT i 2017. FIT- feedback informerte tenester- er eit verktøy for brukarmedverknad og tenesteutvikling.

**Fastelegetenesta:** Det har i 2017 vore langvarig sjukefråver både på legetenesta og på sjukepleiarsida. Naudsynt vikarbruk i samband med dette har ført til ei utfordring med å oppretthalde kontinuiteten i pasientbehandlninga.

**Helsestasjonstenesta:** Helsestasjonstenesta fylgjer Nasjonal fagleg retningsline for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom.

**Jordmortenesta:** Det var totalt 10 fødsler i Bykle og 7 fødsler i Valle i 2017. Jordmortenesta har hatt mykje vaktberedskap og følgeteneste i 2017.

**Psykisk helse og rustenesta:** Kapasitetsauke: I 2017 har det vore 240% stilling knytt til direkte pasientarbeid. Med totalt 152 brukarar, utgjer det 63,3 brukarar per 100% stilling. Det inneber ei auke i kapasitet med kring 134% frå evalueringa i 2013. I tillegg er 100% stilling knytt til systemretta arbeid. Verktøyet IFD - I fight depression - assistert sjølvhjelpsprogram vart tatt i bruk i 2017. Bykle kommune er pilotkommune i samband med innføring av programmet nasjonalt.

**Fysioterapitenesta:** Høg pågang i tenesta i heile 2017.

**Folkehelsearbeid:** Folkehelseoversikt for Bykle kommune vart slutført i 2016. I 2017 har dokumentet vært ei viktig premiss i arbeidet med ny kommuneplan i Bykle. Alle eininger i kommunen har i løpet av 2017 hatt undervisning om Folkehelselova.

I tillegg har det vært arrangert Folkehelseverkstad i samband med ny kommuneplan.

Bykle kommune vedtok i 2017 å delta i prosjektet *Nye mønster- trygg oppvekst*, eit prosjekt i regi av Kristiansand kommune med stønad frå Helsedirektoratet og det nasjonale folkehelseprogrammet. I prosjektet skal ein prøve ut og evaluere ein modell med koordinert tverrfagleg innsats for både foreldre og barn i utvalde familiar med låginntekt. Målet er å utjevne sosial ulikhet i helse. Prosjektet startar våren 2018

**Kompetanse og personalutvikling:** Eininga har høgt kompetente medarbeidarar, men har også eit stort behov for heile tida å utvikle og vedlikehalde kompetanse. Samhandlingsreforma stillar krav om utvikling av ny kompetanse og etablering av nye tenestetilbod. Dette stillar store krav til endring og utvikling i eininga og hos den enkelte fagperson. Det er eit prioritert satsingsområde for eininga å ivareta nye krav til kompetanse og tenesteinnhald, både gjennom utvikling av tenestene lokalt og gjennom utvikling av tenestene i samarbeid med andre kommunar og helseføretaket.

**Økonomi:**

<b>Eining</b>	<b>Rekneskap 2017</b>	<b>Revider budsjett</b>	<b>avvik i kr</b>	<b>Forbruk i %</b>
121 Helsetenesta i Bykle og Valle	10 504 507,64	10 503 732,00	-775,64	100,01
<b>Helsetenesta i Bykle og Valle</b>	<b>9 160 777,85</b>	<b>9 465 423,07</b>	<b>9 504 901,41</b>	<b>10 504 507,64</b>

## 13.14 NAV Valle

5520 flyktning, 5510 sosial, 5511 ekstra tiltak, 5550 Valles del av NAV-kostnad

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>Netto budsjettramme</b>	6 515 912,30	8 200 000	79,46	1 684 087,70

### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020-

Gi folk muligheter.

Gode tenester med effektiv bruk av ressursar

#### Strategi

Ha god kompetanse i organisasjonen.

Lei ar skal leggje til rette for medverknad på arbeidsplassen og drive eininga i økonomisk balanse.

Brukarmedverknad.

Digitalisering.

Samarbeid med andre kommunar.

Legge til rette for teamarbeid.

Kompetanseutvikling og kompetansespreiing.

HMS i fokus.

Brukarundersøking i Nav.

Heile organisasjonen har ansvar i forhold til flyktningane.

Vidareutvikle partnarskapet

Delta i Fokkehelseprogrammet mot fattigdom. Prosjektet heter « Nye mønstre»

#### Delmål

Ein skal arbeide for god integrering av flyktningar, auke arbeidsdeltaking og helsefremjande tiltak og målretta norskopplæring. Vere meir systematisk og målretta i bruk av Mentor på språkpraksis og burettleiar.

Tilsette Familiekoordinator i 50% prosjektstilling er gjennomført. Dette ligg i Folkehelse programmet som Valle og Bykle kommunar deltek i. Stillinga ligg i Nav og kombinerast med 50% på sosial.

Arbeide for å unngå langtidsbehov for økonomisk sosialhjelp

Gjennomføre ein prosess i hop med Bykle og Bygland når det gjeld Partnarskapet i Nav.

#### Måleindikator

Brukarundersøkinga kvar vår i Nav

Målekortet kvar månad i Nav som målar:

-tal på deltakarar i kvalifiseringsprogrammet

-tal på mottakarar av økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt

-tal på mottakarar av økonomisk sosialhjelp som er under 25 år

(inkludert langtidsmottakarar med sosialhjelp 6 månader eller meir.)

-utbetaling av økonomisk sosialhjelp skal vere i henhold til budsjett.

Målet for Introduksjonsprogrammet er bl.a at dei, i løpet av to år, skal kome til nivå A2.

Gjennomføre grunnskulen for dei som treng det, med flyktningstipend.

#### Måloppnåing

Brukarane er godt tilfreds med servicen frå nav

Talet på deltakarar på kvalifisering har gått opp og ned, i snitt siste tertial er talet 2 personar.

Vi har i snitt hatt 1 person på økonomisk sosialhjelp som hovudinntekt.

Vi har i snitt hatt mindre enn 1 person på økonomisk sosialhjelp som er under 25 år.

Vi har ingen langtidsmottakarar på økonomisk sosialhjelp.

Målet for introduksjonsprogrammet er bort i mot 100%, difor er det så pass mange som er på grunnskule no.

Det vil vere ca 16 flyktningar som i prinsippet skal vere ferdig med grunnskulen våren 2018.

#### Status / resultat

Økonomisk sosialhjelp er under kontroll då ein brukar aktivitetsplikta for dei under 30 år. Her er svært få aktuelle pr 31.12.2017. Noko supplerings blir brukt og då til flyktningane. Dei einslege som går på grunnskule og har stipend vil kome noko dårleg ut med stipend, men dei vil få supplerande sosialhjelp. Ektepar får bustonad og barnetillegg og forsørgjartillegg og kjem rimelig godt ut av det.

Budsjettmessig ligg vi veldig godt an. Totalt forbruk på 79,46%. Vi har vore låge på løn, då ein som hadde 100% jobb gjekk ned til 50% og fekk pensjonistløn frå 01.07.2017-31.12.2017. Dette vil endre seg i 2018, då vi har fått ein ny person på sosialsida med ordinær løn.

Kjøp av tenester frå Aust-Agder Ressurssenter i form av gjeldsrådgjeving vil auke og vi vil måtte kjøpe tenester utover den eine som ligg i medlemsprisen.

### **Trender**

I løpet av 1. halvår 2018, vil dei som er ferdig med grunnskulen måtte flytte frå Valle grunna vidare utdanning, kurs eller arbeid. Då er me klare til å ta imot nye flyktningar.

Det syner seg at talet på økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving har auka i 2018. Dette kan skuldast nye kostar, det er vi noko usikre på.

### **Sjukefråver**

5520: 0

5510: 1,32% som er korttids

HMS blir ivaretatt, det psykososiale arbeidsmiljøet er godt. Teamarbeid er særleg bra og måloppnåinga er god. Medarbeidarsamtalar vert gjennomført ein gong i året kvert år. Alarm er installert og øvingar vert gjennomført. Ein ny gjennomgang av sikringssystemet vil bli føretatt i juni 2018.

### **Great place to work**

#### **Våre styrker:**

Godt arbeidsmiljø

Teamarbeid

#### **Årsak til at vi lykkast trur eg er:**

Deling av nødvendig informasjon.

Faste møtepunkt kvar dag.

Respekt for fagområda til kvarandre

#### **Våre forbetningsområder er:**

Auke fagleg kompetanse kontinuerleg.

#### **Årsaken til at vi ønskjer å bli betre på akkurat dette:**

Kravet til endringskompetanse og fagleg utvikling er stort og er ei utfordring.

Viktig å inneha nødvendig kompetanse for å møte brukarane våre på ein forsvarleg måte.

### **HANDLINGSPLAN**

#### **TILTAK**

Medarbeidarsamtalar

Gjer det mogleg å deltake på fagkurs, fagdagar, kompetansehevande kurs/tiltak

Vidareutdanning

Interkommunalt samarbeid

## 13.15 Pleie- og omsorg

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>5600 Adm</b>	1 586 954,41	1 490 000,00	- 96 954,41	106,51
<b>5610 Valle Bygdeheim</b>	17 701 498,91	16 113 000,00	-1 588 498,91	109,86
<b>5620 Open omsorg</b>	8 693 529,75	9 038 000,00	344 470,25	96,19
<b>5630 Habilitering</b>	3 294 201,01	2 186 000,00	-1 108 201,01	150,70
<b>5614 Vaskeri</b>	575 587,86	691 000,00	115 412,14	83,30
<b>5611 Kjøkken</b>	2 201 332,73	2 245 000,00	43 667,27	98,05
<b>5612 Dagsenter</b>	279 214,35	599 000,00	319 785,65	46,61
<b>Netto budsjettramme</b>	34 527 008,41	32 362 000,00	2 165 008, 41	106,69

### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020

- Redusere kostand til gjennomsnitt i kommunegruppe 6.
- Utvikle ei robust, framtidsretta og fagleg sterk pleie- og omsorgsavdeling.

### Strategi

- Ha eit helsefremjande, førebyggjande og rehabiliterande profil
- Ta i bruk velferdsteknologi

### Delmål

- Innføring av velferdsteknologi
- Helsefremjande samtalar
- Kvardagsrehabilitering
- God kompetanse i organisasjonen

### Måloppnåing

- Det er i 2017 starta opp nye tenester i Pleie og omsorg. Det er også fokus på forbetningsarbeid.

### Status / resultat

- Det er eit overforbruk på avdelinga som skyldast reduksjonar i refusjonar frå staten.
- Det er også innsparing på løn ein ikkje har komme i mål med i 2017 på grunn av periodar med stort trykk på tenesta

### Trender

- Det er fokus på Velferdsteknologi og ein har auka kompetanse i organisasjonen.
- Ein jobbar kontinuerleg med forbetningsarbeid.
- Kvardagsrehabilitering er starta opp som teneste, det er teneste som har fokus på førebygging. Ein set inn ressursar ei kort periode i ein rehabiliteringsfase.
- Det er planlagt førebyggjande helsesamtalar i 2018.
- Heimetenesta ligg rundt på rundt 50 tenestemottakarar. Der det er ca 40 % på lågt tenestenivå, 40 % på middels tenestenivå og 20 % på høgt tenestenivå.
- Bygdeheimen ligg på 15 plassar i gjennomsnitt gjennom året.
- Det er gjennom året vore 11 avlastningsopphald, 24 KØH-opphald og 33 korttidsopphald.

### Great place to work

Etter brukarundersøkinga i 2017 starta det ein prosess der alle tilsette i Pleie og omsorg var med på å sette inn tiltak for å skape ein best mogeleg organisasjon. Det er også etablert samarbeidsforum med leiar, tillitsvalde og verneomboda i organisasjonen.

## 13.16 Teknisk avdeling

### Teknisk forvaltning

Avdeling	Netto forbruk	Netto budsjett	Prosentforbruk
5731 Byggesak	18 204	340 000	5.3
5732 Plansak	666 867	230 000	289,9
5733 Oppmåling	-2 715	181 999	- 0.5
5735 GIS	759 076	1 049 000	72,36
5736 Jord og skog	1 049 935	847 000	123.9
5737 Veterinær	327 787	517 000	63, 2
5738 Utmark	135 420	157 000	86.2
5739 Kommunalt viltfond	14 259	0	

### Byggjesak Saker 2017

Myndighet	Søknader 2014	Søknader 2015	Søknadar 2016	Søknadar 2017
Planutval	18	32	33	30
Delegasjon	184	136	161	163
<b>Totalt</b>	<b>202</b>	<b>169</b>	<b>194</b>	<b>193</b>

Saker handsama i perioden	2014 2016	2015	2017	
Søknad utan ansvar	51	34	31	22
Søknad med ansvar	42	34	36	59
Rammesøknad	3	1	4	12
Delingssøknad	20	32	29	41
Seksjoneringsak	1	1	0	3
Endringssøknad	6	8	9	12
Klagesak	5	3	3	1



<b>Igangsettingsløyve</b>	3	1	4	3
<b>Mellombels bruksløyve</b>	12	5	4	3
<b>Ferdigattest</b>	73	48	66	47
<b>Utsleppsak</b>	3	1	2	5
<b>Dispensasjons (utan vidare nødvendig handsaming)</b>			2	5
<b>Tilsyn</b>			2	3
<b>Tiltak utan søknadsplikt</b>			2	10
<b>Avklaringssak</b>			2	2
<b>Totalt</b>	<b>219</b>	<b>168</b>	<b>196</b>	<b>228</b>

<b>Prosent saker innanfor tidsfrist (delesaker)</b>	<b>Prosent saker innanfor tidsfrist (byggjesaker)</b>
<b>92,68 %</b>	<b>97,08 %</b>

	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017
<b>Antall delegerte saker på teknisk avdeling</b>	188	209	276	322	282	282	258
<b>Antall politiske saker i plan- og miljøutvalet</b>	73	54	59	71	68	72	89
<b>Sum saker teknisk</b>	261	263	335	393	350	354	347
<b>Antall delegerte saker byggesak, frådeling og utslepp</b>	105	157	193	201	163	181	163
<b>Antall politiske saker, byggesaker, frådeling og utslepp</b>	35	29	37	29	49	38	30
<b>Sum saker byggesak, frådeling og utslepp</b>	140	186	230	230	212	219	193
<b>Byggesak, delingssak og utslepp % av delegerte saker</b>	56	75	70	62	58	64	75
<b>Byggesak, delingssak og utslepp % av politiske saker</b>	48	54	63	41	72	53	34
<b>Byggesak, delingssak og utslepp % sum av saker</b>	54	71	67	59	59	62	63

## Gjennomsnittlig sakshandsamingstid – 2017

<b>Byggesøknader i samsvar med plan (dagar)</b>			
<b>Rammesøknader</b>	Ca. 12 veker	Ca. 3 veker	Utan ansvar
<b>14</b>	21	10	8
<b>Overskridelse</b>			
<b>0</b>	0	5	0
<b>Byggesaker – dispensasjon frå plan (dagar)</b>			
<b>Rammesøknader</b>	Ca. 12 veker	Utan ansvar	
<b>23</b>	37	30	
<b>Overskridelse</b>			
<b>0</b>	0	0	

<b>Deling – i samsvar med plan (dagar)</b>		
<b>Seksjonering</b>	12 veker	3 veker
<b>24</b>	30	11
<b>Overskridelse</b>		
	0	3

<b>Deling – dispensasjon frå plan (dagar)</b>	
<b>12 veker</b>	3 uker
<b>30</b>	0
<b>Overskridelse</b>	
<b>0</b>	0

Det er handsama fleire tiltak med ansvarsrett enn året før og færre tiltak utan ansvarsrett. Dette kan vere på grunn av fleire tiltak er unnateke søknadsplikt. Det er ein auke i melding om tiltak som ikkje er søknadspliktig, alle tiltak som er unnateke søknadsplikt må meldast inn til kommunen. Det vert ikkje prioritert å etterlyse ferdigattester.

Tiltak utan ansvarsrett er meir tidkrevjande, då søkjarar ikkje er kjent med krav til innhald i ein søknad. Det kan difor gå litt lengre tid til å vurdere tiltaket.

I staden for førehandskonferanse kjem folk innom kontoret eller tek ein telefon til sakshandsamar for å avklare og få rettleiing. Kommunen får fleire spørsmål for å avklare/rettleie om eit tiltak er unnateke søknadsplikt.

Byggesak har starta opp med pålagt tilsyn av tiltak, det vart vedteke ein strategiplan våren 2017.

Byggesak krev inn bidrag iht nye utbyggingsavtalar som gjeld frå hausten 2017, arbeidet vert gjort i samband med handsaming av byggjesøknad. Bidraget må vere betalt for å oppfylgje rekkefylgjekravet i reguleringsplanar. I avtalen står det at kommunen skal få melding 3 veker før søknad om igongsetting, det fungerer ikkje i praksis. Tidlegare vart dette arbeidet utført i frådelingssaker.

Fleire godkjente reguleringsplanar og oppstart på planar medfører at det vert meir saker for bygge- og delingsak. Eigedomsarkivet er ferdig skanna og all dokumentasjon kan hentast ut digitalt.

Sakshandsamingstid for byggesak er 97,08 % innafør frist. Det er mindre ressursar på byggesak grunna permisjon. Vikar for byggesak har måtte teke seg av arbeidsoppgåver som tilhøyrar velkomstsenter i ein overgangsperioden og opplæring.

Tiltak med fristar og rettleiing vert prioriterte framfor andre oppgåver som høyrer til byggesak.

## **Plan og landbruk**

Ny rådgjevar på plan og jordbruk blei tilset våren 2017. Før rådgjevar starta var plansakar handtert ved innleidd konsulent. I 2017 vart det vedteke 5 reguleringsplanar.

Rådgjevar plan og landbruk har også ansvar for 5736 – 5739. Rådgjevar har ingen reine kommunale driftsprosjekt, men ein er involvert i mange eksterne. Her kan nemnast utvalde kulturlandskap (UKL) som i Aust Agder består av Flateland- Rygnestadområdet. Her er kommunen med i styringsgruppa.

Hovudarbeidsområde for rådgjevar landbruk er m.a. å fylgje opp den statlege landbrukspolitikken. Ein driv med jordlov-, konsesjonslovsaker mm. Det er handsama 58 saker.

Bruksutbygging er eit tredje område ein arbeider med.

## **Oppmåling**

I 2017 vart det rekvirert 46 oppmålingsforretningar. Frist på utføring etter matrikkellova er 16 veker etter at klagefristen på 3 veker på vedtak er ute og alle vilkår i administrativt vedtak er oppfylgde. Det var 3 saker som ikkje vart ferdige innan fristen.

Av 46 rekvisisjonar er 12 saker ikkje avslutta. Dette pga nokre ikkje har oppfylt vilkår i vedtaket, tilleggsareal ikkje har sletta hefte/skøyta over arealet eller at arealet ikkje er målt opp pga den lokale vinterforskrifta som gjev unntak frå tidsfrister i saker som krev oppmålingsforretning.

Det er 41,19% som har fått offisiell vegadresse i Valle Kommune og 58,81% står med matrikkeladresse. Ein har begynt å adressere i Furestøyl-området, men arbeidet vart stoppa opp pga

ressursmangel. Det ble satt av midlar i budsjett 2018 til å ferdigstille adressering. Det er totalt matrikulert 1207 vegadresser og me står att med 1723 matrikkeladresser

## GIS

Som nokre av dei første kommunane i landet starta Setesdalskommunane i januar med direkte oppdatering av våre kartdata i en database hos Kartverket, så kalla Sentral felles kartdatabase (SFKB). Kartverket distribuere så kartdata ut til brukarane, som no får tilgang til heilt ferske data til ei kvar tid. Det arbeidast kontinuerleg med oppdateringar og rettingar av kommunens kartdata, særleg eigedomskart, plankart og arealressurskart, AR5.

Vi arbeider også kontinuerleg med å legge til rette for gode publikumsløysingar, særleg gjennom «kommunekart», som finnast både for web og som ein app for smarttelefonar og nettbrett. Webløysing er felles for alle kommunane i Setesdal, og administrerast av Valle.

Det er mykje fokus på digitalisering, og vi har arbeidd ein del med å få til integrasjon mellom våre kartløysningar og sakshandsamingssystemet. Det er enda ikkje heilt i mål, mykje på grunn av nytt sakshandsamingssystem som vart innført i 2017.

Vi har hatt ein gjennomgang av kartverktøya Planinnsyn og Kommunekart for politikarane i Plan- og miljøutvalet.

## Sjuefråvær

1,33%

## Teknisk drift

Avdeling	Netto forbruk	Netto budsjett	prosentforbruk
Teknisk	23.596.908,-	22.090.000,-	106,82

### Økonomi

Totalt for teknisk avdeling (ansvar 57 og 58) er det eit meirforbruk på totalt kr. 1.506.908,-

Dette heng saman med fleire ting og meirforbruket er fordelt over mange budsjettposter.

Forklaring nokre hovedpunkt er:

- Lønnsbudsjettet er ikkje tilpassa detaljbudjettet
- Auka kostnader til lovpålagte/nødvendige kontroller/service på tekniske anlegg
- Store/kostbare reparasjoner på tekniske anlegg (ventilasjonsanlegg m.m.)
- Det er eit meirforbruk på brøytekontrakter på ca. 500.000,- Det heng saman med at denne budsjettposten ikkje er justert i forhold til auka oppdragsmengde, samt justering i forhold til indeksregulering

### Driftsprosjekt

Status:

- Mesteparten av Tveitebøvegen og deler av Haukedalsvegen vart reasfaltert. Ny veg i Øyne og plassen rundt det nye tilbygget til teknisk avdeling vart også ferdigstilt/asfaltert
- Skade på Uppstadvegen er reparert/asfaltert. Dagparkeringsplassen i Berg vart også reparert etter flaumskade
- Nytt reinseanlegg på Rysstad er tatt i bruk (det gml. er sanert), men det har vore ein del utfordringar med å optimalisere driften av det slik at ein oppnår dei reinseresultatata det skal ha. Det meste av dette er no retta/bygd om slik at anlegget fungere tilnærma slik som planlagt
- Det er utarbeidd nye utsleppsøknader for både Valle og Rysstad RA. Begge søknadane vart godkjent av kommunestyret hausten 2017. Planer for ombygging av Valle RA kan utifrå dette starte med tanke på å kutte ut det biologiske reinsetrinnet.
- Det er innført ei ordning med vassmålaravlesing på SMS. Dette vart fyrste gong gjennomført for avlesinga i 2017 og fungert svært bra då stor andel av avlesingane kom inn på denne måten

## Investeringsprosjekt

### Status:

- Tilbygg til verkstadbygget i Øyne er ferdig og tatt i bruk våren 2017
- Oppgraderinga i symjehallen er delvis ferdig. Temperaturregulering i rommet må ha ny automatikk.
- Handicap-parkeringa utanfor Kultursenteret er ferdig (med varmekabler)
- Arbeidsbil til teknisk er kjøpt inn. (VW Caddy)
- Forprosjekt for rulleskiløype m.m. på Furestøyl er utarbeidd i samarbeid med «Idrettens Anleggsservice».
- Forprosjekt /anbudsdokument for oppgradering av Hylestad soknehus er utarbeidd og sendt ut på anbod – byggestart januar 2018.
- Det er inngått grunneigaravtaler om kjøp av areal for utviding av Leite bustadfelt – detaljprosjektering gjenstår før området kan opparbeidast
- Det er sett opp nye utelamper (LED) rundt kommunehuset.
- Anbud på bygging av «Valle kyrkejestoge og bibliotek» vart sendt ut våren 2017. Kommunestyret godkjente anboda/revidert finansieringsplan juni 2017. Oppstart på byggearbeidet ble gjort august 2017 og med Jegteberg Entreprenør AS som totalentreprenør for prosjektet.
- Det er bygd ny skogsbilveg ovanfor Leite som kompensasjon/erstatning for eks. velteplass, jfr. planer for Leitebakken bustadfelt. Ferdigstilling av denne blir gjort i 2018

Sjukefråver: 1.16%

### Status:

Teknisk avdeling har 2017 hatt langtidssjukemelding i avdelinga og det gjer relativt stort utslag sjukefråversprosent med så få tilsette.

## Teknisk reinhald

### Økonomi

#### Mål frå økonomiplan:

Avdeling	Netto forbruk	Netto budsjett	prosentforbruk
Teknisk – reinhald	4 611 397,06	5 331 000,00	86,5

Halde budsjettramma på ansvaret 5795.

Resultatmåling: Gjennomgang av budsjett en gang i mnd, med fokus på framdrift og kostnader. I 2017 ser det bra ut for 5795. Prosentforbruket vårt ligger på 86,5 % som da gir et overskudd på 719 602,94 kroner.

### Driftsprosjekt

#### Status:

Vi har fokus på å drive så effekt som mulig med 9,3 årsverk og 16.548 M2. I barnehager og skuler er det lovpålagt å ha et godt reinhold.

Frå 01.01.2017 ble Reinholdsavtalen mellom Valle kommune og Valle lensmannskontor sagt opp.

Grunnen til dette var at politietaten hadde reinhald ute på anbud.

## Investeringsprosjekt

Reinholdstenesta hari 2017 inngått en leasingavtale med Siemens på en stor moppevaskemasin,(plassert på helsehuset.) Og en ny golvmaskin til Hylestad skule.  
Kostnad for leasing er:

Kostnad pr år:	32 280,00
Kostnad pr mnd:	2 690,00
Kostnad pr kvartal:	8 070,00

Det er også blitt kjøpt inn en reinholdsmaskin til Valle kultursenter, kostnad 48 528,80

Politiske vedtak gjennom året

Status: Vi har hatt 3 flyktninger i språkpraksis

Utvikling

Status:

22 mars 2017 samarbeidet undertekna og Lund BHT om obligatorisk opplæring i bruk av verneutstyr, HMS datablader og håndtering av kjemikalier. Som var meget vellykka.

Reinholdarane har besøkt Bygland kommune på den årlige fagdagen og har deltatt på et kurs i regi av Vileda i Bykle kommune.

Reinholdssoner er bruka aktivt til dekning av vikarar.

Medarbeidersamtaler ble gjennomført i januar og februar 2017.

Sjukefråver: 2.95%

### 13.17 Setesdal barnevern

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>Netto budsjettramme</b>	2 099 091,72	1 979 000	125 091,72	106,34

#### Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020

Valle kommune skal være ein attraktiv og trygg stad å bu, med gode oppvekstvilkår og omsorgstilbod for alle.

#### Strategi

- Trygg stad å bu
- Gode oppvekstvilkår og omsorgstilbod til alle

#### Delmål

- Fokus på førebyggjande arbeid og på tidleg intervensjon
- Være med på å bidra til å betre foreldrekunnskap til dei som ynskjer, og har behov for det

#### Måleindikator

- Antal fristoversittelser
- Tilbakemelding frå våre samarbeidspartnare
- Tilbakemelding frå våre brukare
- Rapportar i Agresso, samt rapportering til SSB og Fylkesmannen i Agder

#### Måloppnåing

Setesdal Barnevern hadde ingen fristoversittelse i 2017.

#### Status / resultat

Det har vore jamnt antal saker i 2017, med ulik grad av alvor. Antal saker per kommune varierer. I 2018 skal Setesdal Barnevern ha auka fokus på samarbeid med andre etatar, og informasjon ut. Vi skal og ha auka fokus på brukarane, og skape gode rutinar for å hente inn tilbakemelding frå våre brukare.

#### Trender

- Auka antal saker som følgje av samlivsbrot, og konflikhtar knytt til dette.
- Fleire barn som har vore til tilrettelagd avhøyr på Barnehuset i Kristiansand.
- Auka behov for samarbeid tverretatleg, særst mot politi.

#### Sjuefråver

2,78%

#### Great place to work

Setesdal Barnevern har ikkje eigne rapportar frå undersøkinga, grunna avdelingas størrelse.

### 13.18 PPT for Setesdal

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>Netto budsjettramme</b>	2.121.002	2.159.000	37998	98,24

Kommentar til tala:

PPT for Setesdal fekk eit «overskot» på ca 38.000 for 2017. Årsaka til dette var at leiar hadde 40 % permisjon, og innleigd hjelp vart billegare.



## Mål i handlingsprogram og økonomiplan 2017 – 2020:

- «PPT skal vere med og leggje til rette for at alle born og unge skal få best mogleg tilhøve for læring og utvikling. Arbeidet skal gjennomførast forsvarleg innanfor dei rammene og det budsjett som føreligg.»

### Strategi for PPT Setesdal

*PPT vil følgje opp strategi som er gjeve i kommuneplanen for skule og barnehagar med fokus på:*

- **Kompetanseutvikling og systemarbeid:** *PPT skal hjelpe skular og barnehagar med kompetanse- og organisasjonsutvikling for å leggje tilhøva best mogleg til rette for læring, utvikling og inkludering.*
- **Sakkunnig arbeid:** *Hjelpe til med å gjere den tilpassa / ordinære undervisninga så god at det blir mindre behov for spesialundervisning. Effektiv bruk av spesialundervisning for dei som har behov*
- **Førebyggjande tiltak:** *Kome tidleg inn der ein ser vanskar / skeivutvikling fagleg eller sosialt.*

### Delmål

- *Betre samarbeid med øvrige kommunale instanser*
- *Betre inkludering av barn og unge med særskilde behov, både i barnehagar og skule*
- *Kome tidleg inn med rettleiing og hjelpetiltak for barn og unge som har vanskar*
- *Betre kvaliteten i det sakkunnige arbeidet*
- *Sikre at PPT i Setesdal har høg kompetanse og er fagleg oppdatert*

### Måleindikatorar

- *Ingen born på venteliste for utgreiing*
- *Gjennomføre sakshandsaming (sakkunnig vurdering) under 3 mnd. frå saka er tilvist*
- *Andel med spesialundervisning ligg på / under landsgjennomsnittet*
- *Auke andelen med systemsaker i høve til einskildsaker*
- *Alle saker (system og individuelle)vert drøfta i samla kontormøte i PPT*

### Måloppnåing:

Andel med spesialundervisning fordelt på kommunane:

Kommune	Bygland	Valle	Bykle	Aust-Agder	Kostragr. 06	Landet u/Oslo
2011	10,9	13,0	15,6	10,8	12,4	8,6
2012	8,2	15,3	15,6	10,5	11,6	8,6
2013	7,3	9,0	8,5	9,0	10,7	8,4
2014	9,0	8,4	9,3	8,9	10,4	8,1
2015	7,9	5,9	8,7	9,2	10,4	7,9
2016	5,7	5,3	10,1	9,1	10,3	7,8
* 2017	6,8	8,8	13,2			

\*Basert på eigen oppteljing på PP-kontoret.

Tala syner at Bygland ligg under landsgjennomsnittet, medan Valle ligg i overkant av gjennomsnittet for landet. I Bykle har tendensen vore ein auke dei siste åra.

- Arbeidet med kvalitet i det sakkunnige arbeidet: Det er gjennomført møte med føresette og skule / barnehage til alle klientar. Sakene er diskutert i felles kontormøte i PPT.
- Det har ikkje vore ventelister i PPT, men noko ventetid har det blitt i einsskilde saker i samband med avviking av sommarferie (tilmeldingar seint på skuleåret).
- I dei fleste saker har ein klart å halde sakshandsaminstida på 3 mnd., med unntak av 2 saker. Det vart tilmeldt 24 nye saker i 2017, 22 einsskildsaker og 2 systemsaker.

#### Arbeidet forøvrig:

- Leiar har dette året hatt 40 % permisjon, og det er leigd inn ekstra hjelp for å dekke opp denne prosentdelen.
- PPT har ( 1 PP-Rådgivar) gjennomført vidareutdanning med «organisasjonsutvikling og endringsarbeid» med 15 studiepoeng (satsing på systemarbeid). Dette studiet held fram også våren 2018. Leiar har også gjennomført etterutdanning med kurset «Testkompetanse», 15 studiepoeng hausten 2017.
- PPT er med i «Bravo- prosjektet» - ekstra tidleg innsats i barnehagane - eit prosjekt som nå alle tre kommunane i Setesdal er med i.
- I Bygland kommune er PPT v/ leiar med i prosjektgruppe omkring «Born som bekymrar» - eit førebyggjande prosjektarbeid i samarbeid med Borgestadklinikken.
- Ein vil Innføre nye dataløysingar /journalssystem i 2018 som både gjev auka sikkerheit og meir rasjonell drift (fullelektronisk system).

#### **Trender**

- Andel av elevar med spesialundervisning er synkande om ein ser over fleire år i Bygland og Valle. I Bykle har det vore ein auke siste åra.
- PPT klarer stort sett å ta unna sakene som blir tilmeldt innanfor god tidsramme.
- Inntrykket er at det er betre samarbeid med øvrige kommunale instansar. Dette kan bli endå betre ved t.d. meir regelmessige felles samlingar for dei ulike einingane.

#### **Sjukefråver**

- Det har vore sjukefråver på samla 1,0 % (korttids).

#### **Great place to work**

- PPT er ei lita eining, og har derfor ikkje egne resultat når det gjeld måling av arbeidsmiljø som vart gjennomført i 2017. Det er laga ein handlingsplan med utgangspunkt i nokre svake skåre som var felles for kommunen under eitt.

### **13.19 Setesdal IKT**

	<b>Forbruk i kroner</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>	<b>Forbruk i %</b>
<b>Netto budsjetttramme</b>	2 803 007	2 961 000	157 992	94,66%

Setesdal IKT (ansvar 3200) er eit interkommunalt selskap innan IKT for kommunane Evje og Hornnes, Bygland, Valle, Bykle og Iveland. Bykle er vertskommune for selskapet. Viser til eiga melding for selskapet.

### 13.20 Frivilligsentralen

	Forbruk i kroner	Budsjett	Avvik	Forbruk i %
<b>Netto budsjettramme</b>	643 125	549 000	- 49 125	108,27%

Frivilligsentralen (ansvar 3800) er eit 3-årig prosjekt. Oppstart var 2014. Det vart ikkje lagt inn midlar til vidareføring av drift i prosjektet i budsjett 2018. Kommunestyret i Valle vedtok å legge ned Frivilligsentralen i sin noverande form frå 31.12.17.